


Private i elden

*Om den rettslege posisjonen til private militære
aktørar i internasjonale væpna konflikta*

Kandidatnummer: 235

Antall ord: 13469



JUS399 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

[07.06.2021]

Innhaldsforfeikning

Sentrale ord, omgrep, og forkortingar	4
1 Innleiing	5
1.1 Problemstilling.....	5
1.2 Bakgrunnen for og aktualiteten av problemstillinga	5
1.3 Avgrensing.....	7
1.4 Nokre utgangspunkt for den vidare framstillinga.....	7
1.4.1 Kva private militære selskap er, og kva dei gjer	7
1.4.2 Rettskjelder og metode	9
1.4.3 Vegen vidare	11
2 Rettslege utgangspunkt	12
2.1 Skiljet mellom internasjonale og ikkje-internasjonale væpna konfliktar	12
2.2 Distinksjonsprinsippet	13
2.3 Genevekonvensjonane sine ulike kategoriar	13
2.4 Stridande med og stridande utan privileger	14
2.5 Kort om ‘unlawful combatants’	14
3 Private militære aktørar som lovleg stridande.....	16
3.1 Kombattantar: Lovlege deltakarar og lovlege mål	16
3.2 Første veg til kombattantstatus: Kan PMS vera del av ein stats væpna styrker?	17
3.3 Andre veg til kombattantstatus: Er PMS ‘other militias and volunteer corps’?	19
3.4 Sivile støttedfunksjonar: Ikkje-kombattante med krigsfangerrettar?.....	21
3.5 Delkonklusjon.....	23
Private militære aktørar som leigesoldatar	24
3.6 Bakgrunn	24
3.7 Noverande rettskjeldebilete	24
3.8 Kan PMS falla innunder TP1 sin definisjon av leigesoldatar?	25
3.9 Føresetnadar for og konsekvenser av OAU og FN sine leigesoldatkonvensjonar	28
3.10 Delkonklusjon	28
4 Private militære aktørar som sivile.....	30
4.1 Vernet om sivile.....	30
4.2 Vilkåra for direkte deltaking i strid	30
4.2.1 Rettsleg bakgrunn.....	30
4.2.2 Skadevilkåret.....	31

4.2.3	Kravet om kausal årsakssamanheng.....	32
4.2.4	Kravet til intensjon	33
4.2.5	Når startar og opphøyrer den direkte deltakinga?	34
4.3	Delkonklusjon.....	34
5	Oppsummering og avsluttande refleksjonar.....	35

Sentrale ord, omgrep, og forkortingar

PMS: Private militære selskap

ICRC: International Committee of the Red Cross/Den Internasjonale Raude Kross-komitéen

LOAC: Law of Armed Conflict/Krigens rett

IHL: International Humanitarian Law/Internasjonal humanitærrett

IAC: International armed conflict/Internasjonal væpna konflikt

NIAC: Non-international armed conflict/Ikkje-internasjonal væpna konflikt

DPH: Direct participation in hostilities

GK: Genevekonvensjonane/konvensjonen

TP: Tilleggsprotokoll til Genevekonvensjonane

Combatant: Kombattant

Hors de combat: Ute av striden

POW: Prisoner of war/Krigsfange

Jus in bello: Reglar om korleis krig kan førast

Jus ad bello: Reglar om når krig kan førast

1 Innleiing

1.1 Problemstilling

Tematikken for masteroppgåva er rettsstillinga til private militære aktørar (eller private militære selskap, ‘PMS’) i humanitærretten. Den overordna problemstillinga er kva for rettar og plikter slike aktørar vil ha dersom dei leverer tenester i ein internasjonal væpna konflikt.

For å svara på den overordna problemstillinga må fleire delspørsmål vurderast. Dei sentrale delspørsmåla i avhandlinga vil knyta seg til vurderingane av om, når, og eventuelt i kva for utstrekning desse aktørane er som sivile, lovlege stridande (‘kombattantar’), eller leigesoldatar å rekna.

Den rettslege kategorien ‘sivil’ er i humanitærretten negativt definert. Dette betyr at ein aktør som ikkje fell inn under noko anna klassifisering vil vera som sivilist å rekna — også der det er tvil om aktøren er sivil.¹ Det er derfor formålstenleg å først sjå på dei aktuelle andre klassifikasjonane: leigesoldat og kombattant.

Leigesoldat spørsmålet er regulert i artikkel 47 av Genevekonvensjonens protokoll I, der det i nr. 1 heiter at ein leigesoldat ikkje skal ha rett til status som stridende eller krigsfange. Av nr. 2 framkjem det seks kumulative vilkår i bokstavane a til f som stiller nærare krav mellom anna til rekrutteringssituasjonen, personen si deltaking i stridigheitane, motivasjon, og statsborgarskap.²

Av samme protokoll sin artikkel 43 nr. 2 framkjem det at medlemmer av dei væpna styrkene til ein part i konflikten er kombattante, og dermed har rett til å delta direkte i fiendtleghetar.³ Kva som utgjer dei væpna styrkene er definert i nr. 1, som stiller krav til aktøren sin organisasjon.⁴ Kombattantar blir også definerte i den tredje av Genevekonvensjonane (GKIII), som gir rettane til krigsfangar.⁵

Dersom aktøren verken er kombattant etter TP1 eller GKIII eller leigesoldat etter TP1, vil vedkommande vera sivil etter artikkel 50 og dermed også underlagt underlagt Genevekonvensjonen sitt vern om sivilpersonar. Dette gjeld likevel berre så lenge aktøren ikkje deltar direkte i fiendtligheteiter.⁶ Spørsmålet som reiser seg her er kva som utgjer slik direkte deltaking.

1.2 Bakgrunnen for og aktualiteten av problemstillinga

Bruken av private militære selskap er ei trend i tida. Spesielt etter den kalde krigens slutt har oppgåver som før blei utført av nasjonale forsvarsmakter blitt delegert til private aktørar, i det

¹ Artikkel 50 nr. 1, protokoll I til Genevekonvensjonen (TP1).

² TP1 artikkel 47.

³ TP1 artikkel 43 nr. 2.

⁴ TP1 artikkel 43 nr. 1.

⁵ Geneve-konvensjonen om behandling av krigsfangar (GKIII) artikkel 4A.

⁶ TP1 artikkel 51 nr. 3.

eit skiftande sikkerheitspolitisk bilete og kostnadsøkonomiske omsyn har ført med seg endra prioriteringar.⁷ Problematikken er del av ein større trend som gjerne blir kalla for ei ‘‘sivilisering’’ av væpna konflikter.⁸ Statane er dei primære rettssubjekta i folkeretten, og dei nasjonale forsvarsmaktene fokuset i humanitærretten. At private aktørar i aukande grad trer inn i og absorberer oppgåver som tradisjonelt har vore nasjonalstatane sitt domene, reiser både prinsipielle spørsmål og humanitærrettslege utfordringar. Spesielt gjeld dette dei private militære aktørane, som med dette utfordrar det statlege maktmonopolet.

Kjerneområdet til private militære selskap har tradisjonelt oppgåver av logistisk karakter, slik som teknisk støtte, opplæring, og liknande støttetjenester. Mange tilbyr også væpna vakttenester som i utgangspunktet skal vera defensive oppdrag.⁹ Samtidig har slike aktørar opp gjennom historia også deltatt i handlingar som har eit tilsynelatande reint soldatpreg: Her kan nemnast som eksempel fleire kontroversielle hendingar med amerikanske selskap i Irak-krigen, mellom anna Blackwater og ‘‘Nisour-massakren’’ i 2006.¹⁰ Hendinga illustrerer eit spesielt relevant typetilfelle der selskap som er hyra inn for å eskortera eller å på anna måte beskytta eit mål — eit i utgangspunktet defensivt oppdrag — hamnar i væpna strid. Det er spesielt denne gråsona som grensar mot og går inn i dei reint offensive oppgåvene som reiser presserande juridiske spørsmål.

At tungt væpna private aktørar er i strid og har økonomisk fortjeneste som bakomliggende formål, reiser intuitivt spørsmål om det ikkje er naturleg å vurdere handlingane som leigesoldatverksemd. Konklusjonen til ei arbeidsgruppe om private sikkerheitsselskap nedsett av FN sine høgkommissær for menneskerettar var også at mange slike i praksis opererte heilt på grensa til, og i enkelte tilfelle over, grensa for leigesoldatverksemd.¹¹

Slik verksemd er særregulert i humanitærretten, først og fremst i artikkel 47 av protokoll I til Genevekonvensjonen. Etter denne skal ein leigesoldat ‘‘ikke ha rett til status som stridende eller som krigsfange’’. Definisjonen av ‘‘leiesoldat’’ er her samtidig snever, med seks kumulative vilkår, og blei også utarbeida før den ovanfor nemnte siviliseringstrenden slo inn. Det har blant humanitærrettslege teoretikarar blitt påpeikt at definisjonen i artikkel 47 er såpass streng at han i dei fleste tilfelle ikkje vil famna om private militære aktørar.¹²

Kva for rettsstilling private militære aktørar har i ein konflikt, vil vera avgjerande for kva rett og plikter dei har etter humanitærretten. Dette gjeld først og fremst tre spørsmål: Spørsmålet om kor vidt ein person i det heile tatt kan delta lovleg i konflikten, om personen har rett på status som krigsfange og om — og eventuelt når og i kva utstrekning — personen utgjer eit lovleg militært mål. Når slike aktørar i aukande grad erstattar tradisjonelle militærstyrker, blir det desto viktigare å klårlegga kva for plikter og vern desse har etter gjeldande rett. Det kan også argumenterast for at oppgåvene som slike aktørar i større og større grad har tatt på seg rører ved dei same omsyna som stod bak særreguleringa av leigesoldatverksemd, og at rettskjeldebiletet her slikt sett ikkje er tilstrekkeleg.

⁷ Gillard, Emanuela-Chiara: *Business goes to war: private military/security companies and international humanitarian law* (2006).

⁸ Wenger, Mason: *The civilianization of armed conflict: trends and implications* (2008).

⁹ Cameron (2006) s. 576

¹⁰ <http://news.bbc.co.uk/2/hi/7033332.stm> [Sist opna 07.06.2021].

¹¹ FN sine høgkommissær for menneskerettar (2007).

¹² Faite, Alexandre: *Involvement of Private Contractors in Armed Conflict: Implications under International Humanitarian Law* (2004).

1.3 Avgrensing

Denne framstillinga sitt fokus, og det som i framstillinga blir meint med private militære aktørar, er dei aktørane som utelukkande eller hovudsakeleg har økonomisk fortene som bakomliggende formål. Oppgåva er dermed avgrensa mot dei som er i stridigheit av ideelle grunnar, slik som for eksempel dei mykje omtalte "Syria-fararane" som kjempa på begge sider av kampen mot IS.

Eit spørsmål som er fagleg interessant, men utanfor denne framstillinga sitt fokusområde, er korleis og i kor stor grad slike aktørar kan haldast ansvarlege for eventuelle brot på humanitærretten, enten av nasjonale eller internasjonale institusjonar.

Utanfor denne oppgåva ligg også den rettslege posisjonen til øvrige sivile kontraktørar. Meir om skiljet mellom desse og private militære aktørar kjem under 1.4.1.

1.4 Nokre utgangspunkt for den vidare framstillinga

1.4.1 Kva private militære selskap er, og kva dei gjer

PMS utgjer ingen eigen kategori i humanitærretten eller folkeretten for øvrig, og det finst heller ingen rettsleg definisjon på omgrepet. Det er derfor nødvendig å skildra kva som blir lagt i omgrepet for denne oppgåva sitt vedkommande.

I Montreux-dokumentet av 2008, utarbeidd i regi av den internasjonale Raude Kross-komitéen, blir "private military and security companies" definert som "business entities that provide military and/or security services, irrespective of how they describe themselves"; "military and/or security services" blir vidare eksemplifisert med "armed guarding and protection of persons and objects, such as convoys, buildings and other places; maintenance and operation of weapons systems; prisoner detention; and advice to or training of local forces and security personnel".¹³ Det er denne definisjonen som blir lagt til grunn.

I Encyclopædia Britannica blir "Private military company" definert som "independent corporation[s] that offers military services to national governments, international organizations, and substate actors".¹⁴ Montreux-dokumentet definerer, som nemnt tidlegare, PMS som "business entities that provide military and/or security services, *irrespective of how they describe themselves*" (eiga kursiv).

I juridisk og fagleg teori blir PMS-omgrepet ofte delt vidare inn i private militære selskap (her PMS, engelsk "PMC") på den eine sida og private sikkerheitsselskap (her PSS, engelsk "PSC") på den andre, med samlenemninga "PMSC" ("Private military and security companies") brukt for å famna vidt samtidig som ein anerkjenner eit skilje.¹⁵ Forskjellen mellom PMS og PSS blir av Faite oppsummert med at førstnemnte tilbyr væpna tenester som

¹³ ICRC: *THE MONTREUX DOCUMENT On pertinent international legal obligations and good practices for States related to operations of private military and security companies during armed conflict* (2008).

¹⁴ Bell (2016).

¹⁵ Faite (2004) s. 3.

tradisjonelt ligg til nasjonale forsvarsmakter, medan sistnemnte tilbyr væpna vern av privat eller offentleg eigedom — altså at PMS er offensivt orienterte og PSS defensivt orienterte.¹⁶

Desse omgrepa er ikkje legaldefinisjonar, og det avgjerande derfor også dei faktiske forholda ved den aktuelle aktøren — som slettes ikkje alltid harmonerer med korleis dei sjølv definerer seg. Av denne grunn er dette skiljet mindre viktig for denne oppgåva sitt vedkommande, all den tid problematikken i sin kjerne handlar om tilfelle der det defensive glir over i det offensive. Det er også svært sjeldan at selskapa eller aktørane sjølve omtalar seg som førstnemnte; oftast er det sikkerheitsvinklinga som blir brukt.

Oppgåvene som blir utført kan mellom anna vera livvakttenester, vakt og sikring av militære installasjonar, transport, logistikk, og opplæring av styrker. Det er når desse oppgåvene blir utførte i aktive konfliktsonar at problematikken kjem på spissen.

Den gjennomgåande kjernen i omgrepet der dette blir brukt, er at det må vera snakk om organisasjonar som er separate i frå nasjonale forsvarsmakter, som utfører oppgåver med eit militært preg, og som utfører desse oppgåvene på kommersielt grunnlag. Kva aktøren sjølv omtalar seg og sine tenester som, er av underordna betydning.

Det må også trekkast eit skilje mot øvrige sivile kontraktørar, som ofte utgjer ein betydeleg del av personellet i ein krigssone. Desse utfører ofte oppgåver som også PMS kan utføre, slik som teknisk og logistisk assistanse — her kan nemnast som eit interessant eksempel det norske forsvaret sitt samarbeid med Bring. For denne oppgåva sin del blir skiljet her negativt avgrensa; ‘‘øvrige sivile kontraktørar’’ er dei sivile kontraktørane som ikkje utfører militære eller sikkerheitsorienterte oppgåver.

Som døme på tre ulike typetilfelle, og for å illustrera spennvidden som eksisterer innanfor PMS-omgrepet, kan her nemnast Academi (tidlegare Blackwater), Executive Outcomes, og Wagner-gruppa.

Academi, tidlegare kalla og bedre kjent som Blackwater, er eit amerikansk PMS grunnlagt i 1997 og den private militære aktøren som har vore breiast dekkja i media. Selskapet utførte under krigane i Irak og i Afghanistan ei rekke ulike oppgåver på vegne av det amerikanske forsvaret: Vakhold ved installasjonar, livvakttenester for tenestemenn, opptrening av irakiske sikkerheitstenester, og andre støttefunksjonar. Det var i samband med slike tenester i Irak at den tidlegare nemnte Nisour-massakren skjedde, då ein Blackwater-konvoi opna eld på irakiske sivile i ei trefning der 17 liv gjekk tapt. Fleire av dei involverte Blackwater-tilsette endte for dette seinare opp med å bli dømt i amerikanske domstolar for ‘‘voluntary manslaughter’’¹⁷.

Executive Outcomes var eit sør-afrikansk PMS som opererte i fleire afrikanske statar på 90-talet, på vegne av desse statane og i opposisjon mot opprørsgrupper. Her utførte dei skarpe oppdrag og reint militære oppgåver, slik som angrep på og nedkjemping av opprørsgruppene.¹⁸ I den angolanske borgarkrigen var selskapet eitt av over åtti involverte

¹⁶ Ibid.

¹⁷ <https://www.nytimes.com/2014/10/23/us/blackwater-verdict.html> [Sist opna 07.06.2021].

¹⁸ Faite (2004) s. 1 flg.

private militære selskap, og hadde mellom anna ansvar for å opererera det angolanske luftforsvaret sine fly.¹⁹

Wagner er ei russisk gruppe med tette band til den russiske staten, som har operert i ulike krigssonar sidan midten av 2010-talet. Dette gjeld blant anna Donbass-regionen aust i Ukraina, borgarkrigen i Syria, og borgarkrigen i Libya. I Syria hamna gruppa også ved eitt tilfelle i direkte trefningar med regulære amerikanske styrker i det som seinare blei kjent som Khasham-slaget, ei hending som er illustrerande for korleis denne oppgåva si problemstilling kan komma på spissen. I denne hendinga aleine døydde over 80 personar knytt til Wagner-gruppa.²⁰ Gruppa opererer konsekvent på same side av konfliktane som den dei russiske myndigheitene støttar oppunder politisk, og har også fått logistisk²¹ og medisinsk²² støtte i frå Russland — ei interessant motsetjing av mønsteret i Blackwater sine operasjonar, der det var Blackwater som gav logistisk støtte til amerikanske styrker. I følge FN-rapportar vist til av BBC har Wagner-gruppa i Libya deltatt direkte i kampoperasjonar gjennom å blant anna dirigera artilleri og deployera skarpskyttarlag.²³ Det er eit gjennomgåande mønster at gruppa blir brukt på ein måte som gir Kremlin ‘plausible deniability’: moglegheit for å støtta ei side i ein konflikt, men samtidig kunne nekta for at det er noko tilknytning mellom gruppa og den russiske stat.²⁴ Det kan ikkje bekreftast med sikkerheit at ei konkret, formalisert, og singular gruppe ved namn Wagner eksisterer, i det gruppa ikkje finst ‘på papiret’; ei hypotese er at det er snakk om fleire grupper som alle har tette band til russiske oligarkar i krinsen rundt president Putin, og det blir også påstått at gruppa har svært tette band til, eller i realiteten er underlagt, russisk militær etterretningsteneste.²⁵ På grunn av hemmelighaldet og dei sprikande forklaringane er det vanskeleg å skaffe til vegs sikker informasjon om gruppa. Her er det samtidig grunn til å minne om at det som nemnt tidlegare er dei faktiske forhold ved ei gruppe, og ikkje korleis ei gruppe sjølv omtalar seg, som er avgjerande.

I tillegg til og ved sida av desse typane oppdrag, kan PMS også vera kontraherte av ikkje-statlege einingar slik som NGOar og andre sivile organisasjonar, då ofte for å tilby sikkerheit i konfliktsonar. Ved skottveksling og væpna stridigheiter i slike tilfelle vil dei rettslege implikasjonane nok vera annleis grunna fråværet av ei kopling til ein stat.

Vidare i oppgåva vil terminologien variera noko. Det vil bli referert både til private militære aktørar, PMS, ‘slike aktørar/desse aktørane’, og liknande. Det som blir meint er enten slike selskap eller grupper heilskapleg sett, eller enkeltpersonar som opererer på vegne av slike grupper, alt etter samanhengen.

1.4.2 Rettskjelder og metode

¹⁹ Salzman (2008) s. 858.

²⁰ <https://www.reuters.com/article/us-mideast-crisis-syria-russia-casualtie-idUSKCN1FZ2DZ> [Sist opna 07.06.2021].

²¹ <https://www.reuters.com/article/uk-libya-security-un-idAFKBN25T383> [Sist opna 07.06.2021].

²² <https://www.reuters.com/article/us-russia-putin-mercenaries-exclusive-idUSKBN1Z61A7> [Sist opna 07.06.2021].

²³ <https://www.bbc.com/news/world-africa-52571777> [Sist opna 07.06.2021].

²⁴ Stronski (2020).

²⁵ Mackinnon (2020).

Dei sentrale rettskjeldene i humanitærretten er, som i folkeretten elles, mellomstatlege overeinskomster i form av traktatar og konvensjonar. I tillegg til desse kjem den folkerettslege sedvaneretten, som dei skriftlege kjeldene ofte baserast på.

Tolking av desse kjeldene gjerast etter tolkingsprinsipp inntatt i Wien-konvensjonen om traktatretten.²⁶ Utgangspunktet er etter denne, som etter alminnelege norske tolkingsprinsipp, ordlyden si naturlege meining i lys av kontekst og formål. Av Wien-konvensjonen følger det også eit eksplisitt krav om at tolkinga må gjerast i god tru.²⁷ Kva som utgjer god tru i tolkingssamanheng er ikkje intuitivt enkelt å fastleggja, men praksis viser at det i alle fall inneber at ein avstår i frå tolkingalternativ som vil føra til urimelege eller absurde resultat.²⁸

I tolkinga av traktatar og konvensjonar ligg det også eit dynamisk element, og internasjonal rettspraksis har stadfesta viktigheita av å ta med i tolkingsprosessen den endringa som betydninga av eit omgrep kan gå gjennom med tid.²⁹ I juridisk teori blir det i denne samanheng oppstilt eit skilje mellom generiske og ikkje-generiske omgrep, der førstnemnte er dei omgrepa som er meint å utvikla seg med tida; som døme på generiske omgrep nemner Müller klassar av einheitlar og aktivitetar, som kontrasterast med geografiske landemerker som døme på statiske omgrep.³⁰ Det må også takast omsyn til om ei dynamisk tolking vil fremja traktaten eller konvensjonen sitt formål.³¹ Fordi siviliseringa som denne oppgåva si problemstilling er ein del av er ei forholdsvis ny utvikling og vilkåra som må tolkast klårt fell innanfor det generiske, vil dynamisk tolking utvilsamt vera aktuelt i denne framstillinga.

For humanitærretten, og for denne oppgåva sitt vedkommande, står ICRC-kjelder meget sentralt. ICRC har ei særige rolle i folkeretten som forvaltarar av humanitærretten, og deira tolkingsbidrag i form av for- og etterarbeid vil derfor vera eit relevant rettskjeldemoment for å supplera ordlyden i konvensjonane denne oppgåva tar for seg. Desse har ikkje stor sjølvstendig vekt, men fell innanfor det Wien-konvensjonens artikkel 32 anerkjenner som supplerande tolkingmoment.

Rettspraksis spelar ei mindre rolle i denne oppgåva, rett og slett fordi det enn så lenge ikkje finst internasjonale avgjersler som tar stilling til private militære aktørar si rettslege klassifisering i ein internasjonal konflikt. Det som er relevant av rettspraksis her, er først og fremst dei avgjerslene som klårlegger innhaldet i dei rettslege kategoriane det vil vera aktuelt å vurdere slike aktørar opp mot.

Grunna den relative mangelen på rettspraksis som er direkte relevant for denne oppgåva si problemstilling, er juridiske artiklar framtrudande i oppgåva sitt kjelderegister. Dei fleste av desse artiklane er i frå midten av 2000-talet og utover, då den amerikanske bruken av private militære aktørar i Irak-krigen prega nyheitsbiletet og verkeleg sat spørsmåla problemstillinga reiser på dagsorden.

²⁶ *Vienna Convention on the Law of Treaties* (1969).

²⁷ *Ibid* artikkel 31 nr. 1.

²⁸ Müller (2017) s. 18-19.

²⁹ Sjå rådgivande fråsegn frå Den internasjonale domstolen i *Legal Consequences for States of the Continued Presence of South Africa in Namibia (South-West Africa) Notwithstanding Security Council Resolution 276* (1970).

³⁰ Müller (2017) s. 20-22.

³¹ *Ibid* s. 22.

Ei anna nyttig kjelde i arbeidet med oppgåva er dokument og manualar utarbeidd av nasjonale forsvars- og utanriksdepartement, som til dømes det norske Forsvaret sin manual i krigens folkerett.³² Desse dokumenta har ikkje stor sjølvstendig vekt som rettskjelder utover juridisk teori, men gir eit nyttig innblikk i kva normar statane sjølv legg til grunn på området, og ikkje minst om dei faktiske forholda som rår ‘‘på bakkenivå’’.

I det noko uklåre rettskjeldebiletet som rår, er også ‘‘soft law’’ — overeinskomster og erklæringar som ikkje er formelt bindande — ei relevant kjelde, av samme grunnar og med samme vekt som juridisk teori og militærmanualar. Eit framtrédande døme her er Montreux-dokumentet av 2008, som blei utarbeidd av ICRC, Sveits, og ei rekke andre statar i samråd med aktørar frå den private sikkerheitsbransjen. Formålet med dokumentet var å klårleggja både gjeldande rett og tilrådde tiltak for statar med relasjon til private militære aktørar under ein væpna konflikt. I likskap med militærmanualar vil slike soft law-dokument kunne gi eit meir heilskapleg bilde ved å understreka kva for rettsoppfatning statane har.

1.4.3 Vegen vidare

Denne oppgåva er i stor grad strukturert rundt dei tre ulike humanitærrettslege kategoriane som det er aktuelt å vurdera PMS opp mot: lovleg stridande med tilhøyrande kombattantarprivilegier i tredje kapittel, leigesoldatar i fjerde kapittel, og sivile i femte kapittel. Før desse blir vurdert, vil dei rettslege utgangspunkta som rører ved problemstillinga — mellom anna distinksjonsprinsippet og skiljet mellom internasjonale og ikkje-internasjonale konflikhtar — reiegrerast for i neste kapittel.

³² Forsvarets høgskole: *Manual i krigens folkerett* (2013).

2 Rettslege utgangspunkt

2.1 Skiljet mellom internasjonale og ikkje-internasjonale væpna konflikhtar

Ein væpna konflikt vil vera enten internasjonal eller ikkje-internasjonal.³³ Denne kategoriseringa er uttømmmande i den forstand at det folkerettsleg sett ikkje finst andre typar væpna konflikhtar; samtidig kan ein internasjonal og ikkje-internasjonal konflikt føregå på samme tid og stad, og ein konflikt kan også utvikla seg frå det eine til det andre.³⁴ Kva for ein av desse to kategoriane konflikten fell innunder, vil vera avgjerande for kva for reglar som kjem i bruk og korleis reglane gjer seg gjeldande.

Det er dei internasjonale konflikttane som historisk sett har vore i sentrum for humanitærretten sine reglar, og det er derfor også for desse ein finn det mest fullstendige regelsettet.³⁵ Slike konflikhtar er kjenneteikna av at striden står i mellom minst to statar, og at konflikten dermed er mellomstatleg. Før 1949 fanst det heller ikkje nemneverdig folkerettsleg regulering av intern *jus in bello*. Suverenitetsprinsippet si sterke stilling tilsa at slike spørsmål eine og aleine var opp til den aktuelle staten å regulera.³⁶

Definisjonane på internasjonale og ikkje-internasjonale konflikhtar finn ein i høvesvis felles artikkel 2 og felles artikkel 3 av Genevekonvensjonane. Av førstnemnte følger det at ein internasjonal konflikt eksisterer der det finst væpna konflikt mellom to eller fleire statar, også der ein krigstilstand ikkje er anerkjent av ein eller fleire partar. Ikkje-internasjonale konflikhtar er på si side negativt definerte i felles artikkel 3 som dei væpna konflikttane som *ikkje* er av ein internasjonal karakter.

Dei tilfelle der PMS har blitt brukt i eller enda opp i strid, har i mange tilfelle så langt vore ikkje-internasjonale. Når bruken av slike og siviliseringa av verdas konfliktsoner likevel er så tydelege trendar i tida, er det samtidig avgjerande at rettsstillinga til desse aktørane er klår også i internasjonale konflikhtar.

Det ligg utanfor denne oppgåva å gå djupare inn i spørsmålet om kor grensa går mellom internasjonale og ikkje-internasjonale konflikhtar. Det må likevel poengterast at det av internasjonal praksis følger at ein i utgangspunktet ikkje-internasjonal konflikt kan nå terskelen for internasjonal konflikt der ein ikkje-statleg aktør som kjempar mot ein statleg aktør har tilstrekkeleg tilknytning til ein annan stat.³⁷ Dette føyer seg inn i det større spørsmålet om internasjonalisering av i utgangspunktet ikkje-internasjonale konflikhtar, der deltakinga til statsstøtta grupper slik som Wagner kompliserer situasjonen. Likeleis blir nasjonale frigjeringskrigar no også rekna som internasjonale, etter tidlegare å ha vore rekna som ikkje-internasjonale.³⁸ Bruken av private militære aktørar i situasjonar liknande den under førre

³³ Melzer (2019) s. 53.

³⁴ Ibid s. 54.

³⁵ Kolb s. 65.

³⁶ Ibid.

³⁷ Sjå om dette *Military and Paramilitary Activities In and Against Nicaragua (Nicaragua v. United States of America)*, Judgment, 27 June 1986 og *The Prosecutor v. Duško Tadić, Case No. IT-94-1, Judgment (Appeals Chamber)*, 15 July 1999.

³⁸ TP1 artikkel 1 nr. 4; Sassòli; Bouvier; Quintin; Grignon: *National liberation wars*, ICRC Casebook (2014).

århundres dekoloniseringsperiode — enten på statleg eller ikkje-statleg side — vil dermed også kunne vera underlagt reglane for internasjonale konflikhtar.

2.2 Distinksjonsprinsippet

Distinksjonsprinsippet har blitt omtalt som sjølv hjørnesteinen³⁹ i humanitærretten, og utgjer fundamentet i reguleringa av både internasjonale og ikkje-internasjonale konflikhtar.⁴⁰ Reglane som spring ut av distinksjonsprinsippet deler personar og objekt i eit konfliktområde inn i akseptable og ikkje-akseptable mål, og pliktar dei stridande å skilja mellom desse to kategoriane.

Prinsippet kjem til uttrykk i TP1 artikkel 48:

“In order to ensure respect for and protection of the civilian population and civilian objects, the Parties to the conflict shall at all times distinguish between the civilian population and combatants and between civilian objects and military objectives and accordingly shall direct their operations only against military objectives.”

Formålet med distinksjonsprinsippet er som det kjem fram her å verna om sivile personar og objekt. Det er berre angrep retta mot ein motparts militære styrke som er humanitærrettsleg legitime, og angrep mot sivile vil heller ikkje vera legitime om formålet bak er å oppnå militære mål. Slikt sett set artikkel 48 og distinksjonsprinsippet ei grense mot den “totale krig” som tidlegare militære teoretikarar slik som von Clausewitz historisk tok til orde for.⁴¹

Den andre sida av distinksjonsprinsippet er at dei som faktisk er eit legitimt mål, også er legitime *stridande*. At ein stridande er legitim, innebærer derfor også at han eller ho vanlegvis ikkje kan straffast for det å i seg sjølv delta i strid.⁴² Dei sentrale reglane som følger av distinksjonsprinsippet, knyt seg derfor til kva og kven som er eit militært — og dermed legitimt — mål, og kva og kven som ikkje utgjer legitime mål.

2.3 Genevekonvensjonane sine ulike kategoriar

I forlenging av distinksjonsprinsippet kjem det i Genevekonvensjonane fram ulike kategoriar som kategoriserer aktørane på humanitærretten sitt område etter kva for rettar dei har og når dei eventuelt har desse. Dei to mest sentrale kategoriane er “combatants”, hvis definisjon og rettar i internasjonale konflikhtar kjem til uttrykk i TP1 art. 43 & 44, og sivile, hvis definisjon og rettar kjem til uttrykk mellom anna i TP1 51 & 52. Ved sida av desse kjem spesialunntaka, slik som leigesoldatar i og spionar i høvesvis artikkel 47 og 46. Spionkategorien er ikkje relevant for denne oppgåva sin del, men leigesoldatkategorien vil vera temaet i del fire.

I den norske oversetjinga av Genevekonvensjonane blir “combatant” oversett til “stridende”, men den norske terminologien her er ikkje eintydig. Eit anna ord som blir brukt om stridande i humanitærretten, meir eller mindre synonymt med “stridande”, er

³⁹ Sassòli; Bouvier; Quintin; Grignon: *Principle of Distinction* i ICRC Casebook (2014).

⁴⁰ Kolb (2008) s. 125 flg.

⁴¹ Kolb (2008) s. 125.

⁴² Sassòli; Bouvier; Quintin; Grignon: *Combatants and POWs* i ICRC Casebook (2014).

kombattant.⁴³ Forsvaret bruker i sin manual i folkerett omgrepet kombattant om lovleg stridande.⁴⁴ I denne oppgåva vil omgrepet “kombattant” brukast om det engelske “combatant”, altså lovlege stridande/stridande med privileger, for å klårare separera denne kategorien i frå andre eventuelle stridande (ikkje-lovleg stridande) og også fordi denne ligg nærare opp mot ordet “combatant”.

Sivile innehar eit betydeleg vern, og er — med det sentrale unntaket for dei tilfelle der dei deltar direkte i strid, eit unntak som vil vera fokus i oppgåva sin femte del — ikkje lovlege mål for militære angrep.

2.4 Stridande med og stridande utan privileger

“Stridande” er altså fellesnemninga for dei aktørane som, fordi dei er involverte i strid, er lovlege mål i striden. Stridande som ved sida av å vera lovlege mål også er anerkjente som lovlege stridande, blir omtalt som stridande *med privileger*, eller kombattantprivilegier; personar med kombattantprivilegier er *kombattante* eller *kombattantar*. Privilegia det her er snakk om, er først og fremst eit vern mot å bli straffeforfølgd for sjølve deltakinga i striden fordi denne deltakinga blir vurdert som legitim. Eit anna slik privilegium er retten til å bli gitt status som krigsfange, med dei garantiane det inneber.⁴⁵

Stridande med privileger skal som hovudregel vera uniformerte.⁴⁶ Tradisjonelt skal dei også bera våpen opent.⁴⁷ Stridande utan privileger er dei tidlegare nemnte spesialkategoriane leigesoldatar og spionar, men også sivile som deltar direkte i strid. Denne sistnemnte gruppa vil vera fokuset i oppgåva sin femte del.

Dette skiljet er også ein av grunnane til at det er avgjerande å plassera PMS i Genevekonvensjonen sitt system — når desse eventuelt vil vera eit legitimt mål er eitt spørsmål, men eit anna spørsmål er om det strir mot krigens rett at dei i det heile tatt tar del i strid.

2.5 Kort om “unlawful combatants”

Enkelte statar, mest framtrudande av desse USA, har operert med ein tredje kategori ved sida av kombattantar og sivile: “unlawful combatants”, eller ulovlege kombattantar.⁴⁸ Argumentet har her vore at enkelte organiserte stridande som ikkje er å vurdera som kombattante heller ikkje kan vurderast som sivile, og derfor nyter godt verken av vernet om sivile eller rettane til kombattantar. Denne kategorien har spesielt blitt gjort gjeldande av USA i forbindelse med krigane i Irak og Afghanistan og fengslinga av fiendar herifrå i Guantánamo Bay-fangeleiren, men blei vist til av amerikanske myndigheiter allereie under andre verdskrigen. “Unlawful combatants” blei då sidestilt med spionar og ikkje-uniformerte stridande, og saman med

⁴³ Gram (2018).

⁴⁴ Forsvarets høgskole (2013).

⁴⁵ Dette er garantiane som kjem til uttrykk i GKIII frå og med artikkel 12.

⁴⁶ Forsvarets høgskole (2013) s. 48.

⁴⁷ Ibid.

⁴⁸ Kolb s. 205.

desse ‘‘ generally deemed not to be entitled to the status of prisoners of war’’.⁴⁹

Konsekvensen av dette var at dei blei rekna som legitime mål for militære angrep, og at dei også kunne haldast i varetekt på ubestemt tid utan dom.⁵⁰

Omgrep som ‘‘unlawful’’ og ‘‘illegal’’ ‘‘combatant’’ framkjem ikkje i dei humanitærrettslege konvensjonane, og praksisen blant dei statane som gjer gjeldande denne kategorien sin eksistens har også vore svært kontroversiell. I den grad kategorien har vore brukt i juridisk litteratur, har det vore synonymt med ulovleg stridande, slik som — ved sida av leigesoldatar og spionar — dei sivile som deltar direkte i strid og dermed hamnar i ein anna rettsleg stilling enn den sivile i utgangspunktet har.⁵¹

I denne oppgåva vil dette omgrepet unngåast. Grunnlaget for oppgåva vil vera det nemnte skiljet mellom stridande med og stridande utan privileger, og dei reglane for sivil deltaking i strid som framkjem i TP1 om vern om sivile ‘‘unless and for such time as they take a direct part in hostilities’’.

⁴⁹ *Ex parte Quirin*, USA sin høgsterett (1942).

⁵⁰ Sassòli; Bouvier; Quintin; Grignon: *Unlawful combatants*, ICRC Casebook (2014).

⁵¹ Gill, Elies (2005) s. 32 flg.

3 Private militære aktørar som lovleg stridande

3.1 Kombattantar: Lovlege deltakarar og lovlege mål

‘‘Kombattantar’’ er som nemnt under 2.4 fellesnemninga på dei ulike kategoriseringane av lovleg stridande i internasjonale væpna konflikhtar som ikkje kan straffefølgast for sjølve deltakinga i striden, og som i tillegg har rett til status som krigsfange med dei privilegia det inneber. Det er desse to rettane — deltaking og krigsfangestatus — som utgjer kombattantprivilegiane. På den andre sida vil ein som kombattant også vera eit legitimt mål for fiendtlege angrep så lenge ein ikkje er *hors de combat* — ein lovleg stridande er med andre ord også eit lovleg mål. Kor vidt ein privat militær aktør fell innanfor eller utanfor kombattantomgrepet, er dermed eit avgjerande spørsmål både for å klårleggja om dei er lovlege deltakarar, om dei er rettsleg akseptable mål, og om dei eventuelt har ein krigsfange sine rettar.

Desse krigsfangerettane framkjem i den tredje av Genèvekonvensjonane (GKIII), som definerer og gir rettane til krigsfangar (POW) i internasjonale konflikhtar. Her inngår eit betydeleg antal rettar som skal sikra slike krigsfangar si helse og integritet meir allment — blant andre retten til regelmessig medisinsk tilsyn og nødvendig behandling,⁵² retten til eit minimum av sanitære og hygieniske forhold,⁵³ og retten til korrespondanse⁵⁴ — men også konkrete og prosessuelt orienterte artiklar som blant anna set ei skranke for kva for informasjon krigsfangar kan krevjast å utlevera,⁵⁵ og som forbyr utlevering av krigsfangar til land som ikkje har ratifisert konvensjonen. Konvensjonen inneber samtidig plikter for dei som blir status som krigsfange, mellom anna plikt til å saluttera offiserar.⁵⁶ Alt dette står i kontrast til dei som ikkje kvalifiserer til kombattantstatus med påfølgande krigsfangerettar. Desse vil behandlast og eventuelt dømmast etter dei interne reglane i staten dei blir pågripne av, utan andre garantiar enn det som følger av desse. Spørsmålet om kor vidt tilsette i private militære aktørar som opererer i ein internasjonal konflikt oppfyller vilkåra i GKIII, vil dermed vera avgjerande for rettane dei har om dei fell i fiendtlege hender.

Vilkår for og rettsverknadar av kombattantstatus framkjem både i GKIII og i TP1, der førstnemnte elles også regulerer dei nærare rettane og pliktene til krigsfangar. Den første gruppa som har kombattantprivilegier, og den tradisjonelle kjernen i kombattantomgrepet, er dei regulære styrkene til partane — ‘‘the armed forces of a Party to the conflict’’, som blir nemnte i både GKIII artikkel 4 (1) og TP1 artikkel 43, men klårast og vidast definerte i sistnemnte. Etter GKIII kan også ‘‘other militias and volunteer corps’’ kvalifisera til kombattantstatus dersom dei oppfyller vilkår til kommando, synlegheit, og framferd. Ei gruppe som også har kombattantprivilegier, men som neppe er relevant for denne

⁵² GKIII art. 30.

⁵³ GKIII art. 29.

⁵⁴ GKIII art. 71 flg.

⁵⁵ GKIII art. 17.

⁵⁶ GKIII art. 39.

problemstillinga, er deltakarar i ei ‘levée en masse’.⁵⁷ Desse er innbyggjarar i eit område som tar til våpen meir eller mindre spontant for å gjera motstand mot ein invasjon.⁵⁸ Ei siste gruppe som har rett på krigsfangestatus, men som elles ikkje er anerkjente som kombattantar — og dermed verken lovlege deltakarar eller lovlege mål — er enkelte grupper av det sivile støtteapparatet som følger med dei væpna styrkene utan å faktisk vera del av desse.⁵⁹ Arbeidsoppgåvene til PMS og det faktum at deira status som kombattantar er uavklart, gjer det naturleg å vurdere om dei fell innanfor denne kategorien.

Kombattantomgrepet som framkjem i TP1 bygger på ei vidareutvikling av den eldre GKIII, og eitt syn i teorien er at TP1 sin definisjon er såpass vidtrekkande at denne har absorbert GKIII sitt verkeområde og derfor også vil famna om sistnemnte sine ‘militias and volunteer corps’.⁶⁰ Der TP1 gjer seg gjeldande, vil dermed tilleggsprotokollen sine vilkår åleine kunne vera grunnlaget for vurderingar om kombattantstatus. Samtidig er det klårt at GKIII gir uttrykk for internasjonal sedvanerett, og at reglane som er inntatt her derfor også vil vera gjeldande uavhengig av om partar til ein konflikt er part til konvensjonen. Om det samme kan seiast for TP1, er det usemje om i juridisk teori: Ikkje alle statar er partar, og USA har til dømes ikkje ratifisert denne tilleggsprotokollen. Sidan TP1 sin definisjon av ‘armed forces’ er meir vidtrekkande, men nedslagsfeltet samtidig noko uklårt, er det for denne oppgåva sin del formålstenleg å analysere innhaldet i begge konvensjonane.

Vidare i denne delen vil kombattantstatus etter TP1 og GKIII vurderast, og etter dette krigsfangerettar utan kombattantprivilegier for nærare definerte sivile.

3.2 Første veg til kombattantstatus: Kan PMS vera del av ein stats væpna styrker?

Av tilleggsprotokoll 1 artikkel 43 sitt andre punkt følger det at:

‘Members of the armed forces of a Party to a conflict (other than medical personnel and chaplains covered by Article 33 of the Third Convention) are combatants, that is to say, they have the right to participate directly in hostilities’.

Her framkjem den avgjerande retten til å delta direkte i strid. Retten for ‘combatants’ til å bli gitt status som krigsfange følger vidare i neste artikkel 44 første punkt, der det heiter at

‘Any combatant, as defined in Article 43, who falls into the power of an adverse Party shall be a prisoner of war.’

Definisjonen av ‘armed forces to a conflict’ blir gitt i artikkel 43 sitt første punkt, der det heiter at ein parts væpna styrkar består av

‘all organized armed forces, groups and units which are under a command responsible to that Party for the conduct of its subordinates, even if that Party is represented by a government or an authority not recognized by an adverse Party. Such armed forces shall

⁵⁷ At desse er kombattantar følger av ei antitetisk tolking av TP1 artikkel 50 sin negative definisjon av sivile som ein kvar som ikkje fell innanfor GKIII artikkel 4A (1), (2), (3) og (6).

⁵⁸ GKIII artikkel 4A(6).

⁵⁹ GKIII artikkel 4A(4).

⁶⁰ Wouters (2016) s. 264.

be subject to an internal disciplinary system which, inter alia, shall enforce compliance with the rules of international law applicable in armed conflict.’’

Her framkjem det altså fleire vilkår: At gruppa er organisert, væpna, under ein kommando som står ansvarleg under parten, og underlagt eit disiplinærsystem.

Ordlyden i ‘‘organized armed forces’’ avskjer for det første mot enkeltindivid. Elles tilseier ‘‘organized’’ at gruppa det gjeld må inneha ein viss struktur og fastheit, i motsetning til ei meir spontan og *ad hoc*-prega gruppering. Dersom det er snakk om ein juridisk person slik som Academi, vil aktøren også nødvendigvis klårt nok vera organisert, med definerte og nokolunde transparente og formelle rollefordelingar internt i organisasjonen. Det er for dette vilkåret sin del meir problematisk med aktørar av typen som Wagner, som er i gråsonen kva gjeld formell organisering. I ICRC sine kommentarar til TP1 blir det samtidig påpeikt at dette vilkåret må tolkast heller fleksibelt, og først og fremst vurderast ut i frå om striden reint faktisk innehar ein kollektiv karakter — og at formelle forhold dermed er underordna.⁶¹ Vilkåret om organisering vil neppe stå i vegen for dei private militære aktørarane denne oppgåva tar for seg, som uavhengig av formell organisasjon reint praktisk er avhengig av intern organisering for å utføra oppgåvene dei tar på seg.

Ordlyden i ‘‘under a command responsible to that Party for the conduct of its subordinates’’ tyder for det første på at det må finnast ein kommandostruktur, og for det andre at denne til sjuande og sist må vera underlagt ein av partane til konflikten. Ordlyden gir ikkje svar på korleis ein slik kommandostruktur må sjå ut, eller kor tett forholdet må vera mellom aktøren og parten. Dersom ordlyden her skal romma PMS, må det eventuelt vera etter ei tolking som likestiller ein avtale mellom ein stat og ein slik aktør med at aktøren då blir ‘‘responsible to’’ denne staten. Dette ligg strengt tatt ikkje utanfor ei naturleg forståing av ordlyden: Gitt at det finst intern organisering av gruppa med ein kommando på toppen, som lagt til grunn i forrige avsnitt, og gruppa har tatt på seg arbeidsoppgåver på vegne av ein part, vil ‘‘the conduct of its subordinates’’ vera det som avgjer om desse arbeidsoppgåvene blir utførte.

At aktøren det gjeld ‘‘shall be subject to an internal disciplinary system’’ som ‘‘shall enforce compliance with the rules of international law’’, tilseier at det internt i styrken det gjeld må vera eit disiplinærsystem som sikrar etterleving av humanitærretten. Dette disiplinærsystemet blir i ICRC-kommentaren konkretisert som den militære strafferetten,⁶² men denne er neppe aktuell: med mindre ein PMS har blitt formelt integrert i dei regulære styrkene, vil dei rimelegvis heller ikkje vera underlagt den militære strafferetten: dersom dei *er* formelt integrerte, vil artikkel 43 sine vilkår neppe by på problem. Ein PMS er heller ikkje underlagt den formelle militære kommandostrukturen som dei regulære væpna styrkane er. Tilsette i eit PMS vil vera underlagte den allmenne sivile straffelovgivinga, og det kan argumenterast for at dette utgjer eit internt disiplinærsystem. Her kan likevel spørsmål om jurisdiksjon fort tenkast å komma i vegen viss eit PMS, på vegne av ein stat, utfører oppdrag i ein internasjonal konflikt i eit tredjeland der heimstaten ikkje har jurisdiksjon over handlingane som blir utførte.

Tolkingsspørsmåla som ordlyden i artikkel 43 reiser, har ikkje blitt tatt stilling til i rettspraksis, og teoretikarane er her delte i synet på om eit PMS kan tenkast å gå innunder

⁶¹ ICRC sine kommentarar til TP1, nr. 1672 (1987).

⁶² Ibid nr. 1675.

artikkelen sitt kombattantomgrep.⁶³ På den eine sida blir det vist til at formålet med artikkel 43 var å inkludera alle væpna grupper som hadde ei faktisk kopling til dei regulære styrkene til ein part, og at ein her derfor må leggja til grunn ei funksjonell tolking. På den andre sida blir det hevda at ordlyden i kravet til eit internt disiplinærsystem neppe kan tilfredsstillast gjennom ei kontraktinngåing.

Cameron påpeiker at det uansett er opp til staten det gjeld å vurdera kor vidt styrker er integrerte etter TP1 eller ikkje.⁶⁴ Dersom det er opp til staten sjølv å vurdera om ein styrke er integrert, vil dette by på openbare problem dersom det for staten det gjeld er fordelaktig eller på anna måte insentivisert å vurdera styrken som integrert utover artikkelen sitt tiltenkte verkeområde. Når hovudformålet med bruken av PMS nettopp er moglegheiten til å flytta vekk i frå staten det som elles ligg innanfor forsvarsmakta sitt kompetanseområde, enten i effektiviseringa sitt namn eller for å seinare kunne nekte for ei kopling mellom stat og aktør, er det problematisk å her måtte basera seg på interne nasjonale vurderingar av kva som er ei regulær væpna styrke og kva som ikkje er det. Det er også problematisk med omsyn til distinksjonsprinsippet: Fordi det i humanitærretten er avgjerande å trekka skiljet mellom kombattante og sivile, er det lite gunstig dersom det er formelle vurderingar gjort av den individuelle stat heller enn faktiske forhold som er avgjerande.

3.3 Andre veg til kombattantstatus: Er PMS “other militias and volunteer corps”?

Ved sida av dei som måtte vera å rekna som regulære kombattante etter TP1 artikkel 43, er også medlem av “other militias and other volunteer corps” “belonging to a Party to the conflict” anerkjent som kombattantar dersom dei oppfyller fire vilkår:

- “(a) That of being commanded by a person responsible for his subordinates;
- (b) That of having a fixed distinctive sign recognizable at a distance;
- (c) That of carrying arms openly;
- (d) That of conducting their operations in accordance with the laws and customs of war.”

Det aller første kravet, “belonging to a Party to the conflict”, tilseier at gruppa *tilhøyrer* staten. Ut i frå ordlyden er det ved første augekast vanskeleg å sjå for seg at PMS vil vera innanfor, på grunn av den manglande formelle integrasjonen i partens øvrige væpna styrker. Sett i kontekst er det likevel samtidig naturleg å tolka dette vilkåret mindre strengt enn ordlyden i “belonging” isolert sett legg opp til. ICRC-kommentarane av 2020 til konvensjonen bekreftar også dette, og viser til utsegna i tilsvarande kommentar av 1960 der det blei slått fast at det essensielle for vilkåret er at det eksisterer eit faktisk, *de facto* forhold mellom parten og aktøren — men at det heller ikkje blir krevd meir.⁶⁵ Eit slikt forhold kan ta

⁶³ Sjå UCIHL: *Meeting on private military contractors: Status and state responsibility for their actions* (2005) s. 11 flg.

⁶⁴ Cameron (2006) s. 583.

⁶⁵ ICRC sine kommentarar til GKIII, nr. 1004 (2020).

form også der det berre føreligger ‘*tacit agreement*’, eller tyst einigheit.⁶⁶ Elles krevst det at gruppa faktisk kjempar for den aktuelle parten, og at parten godtar at dette blir gjort.⁶⁷ Vilåret vil neppe vera problematisk for eit PMS, som trass alt vil ha inngått ein avtale om å tilby tenestene sine til parten.

For dei fire øvrige vilkåra må det først poengterast at dei, ved sida av å vera kumulative, skal vurderast for gruppa som heilheit. Sjølv der ein eller fleire i ei gruppe oppfyller desse vilkåra for sin eigen del, vil dei derfor ikkje nyte godt av retten til krigsfangestatus dersom gruppa for øvrig ikkje blir vurdert til å oppfylle vilkåra.⁶⁸ Unntaket er vilkåra i bokstav b og c, som begge omhandlar distinksjon frå sivilbefolkninga. Desse må vera oppfylte både kollektivt av gruppa og av den einskilde.⁶⁹ Konsekvensen av dette er at individuelle tilsette som bryt med vilkår b og c ikkje kvalifiserer sjølv om gruppa for øvrig skulle gjere det, mens individ som bryt med d kvalifiserer dersom gruppa for øvrig blir vurdert til å ha oppfylt vilåret.

At aktøren må vera ‘*commanded by a person responsible for the conduct of his subordinates*’, tilseier at det i gruppa må finnast i alle fall ein person som er i ein overordna posisjon, både med omsyn til makta over og ansvaret for andre i gruppa. Her kan det ut i frå ordlyden vera freistande å sjå for seg eit krav til ein rigid kommandostruktur med distinkte grader etter militær modell, men det sentrale her er at vedkommande som kommanderer har høve til, ut i frå sin posisjon, å handheva disiplin internt; kommandostrukturen treng vera verken sofistisert eller rigid.⁷⁰ På det formelle planet vil eit PMS, som eit selskap og som juridisk person, nødvendigvis også ha ein interndisiplin og mekanismar for å handheva denne. Den meir faktiske organiseringa ute i felten vil vera opp til kvar einskild gruppe, men vil i praksis alltid vera av ein art som tilfredsstillar vilåret til kommando.

Ordlyden i ‘*fixed distinctive sign recognizable at a distance*’ er naturleg å lesa som eit krav om at den det gjeld på ein eller anna måte er identifiserbar på avstand. Formålet her er distinksjon, og det sentrale derfor at personen tilkjenner seg på ein måte som gjer at han skil seg ut i frå sivilbefolkninga.⁷¹

Den tradisjonelle måten for væpna styrker å skilja seg ut i frå befolkninga elles er bruk av uniform, ein tradisjon som strekk seg langt tilbake i tid, og i frå 1900-talet av har det vore kutyme at slike styrker bruker uniformar med iaugefallande kamuflasjemønster. For dette spørsmålet vil det, som for praksis for øvrig, vera ulike tilnærmingar hos ulike aktørar, men denne tradisjonen for å bruke kamuflasjemønster verkar ikkje til å ha samme utbreiing i blant PMS som blant klassiske væpna styrker. Det ligg også i uniformomgrepet at ein går uniformt — einsarta — kledd, men PMS flest verkar ikkje til å ha noko standardisert uniformkrav. På den andre sida er det såpass vanleg å bruka skotsikre vestar og anna taktisk orientert utstyr som til saman (og sett i samanheng med at ein ber våpen opent, som er neste vilkår) gir eit distinkt preg at det kan hevdast å oppfylla kravet til tydeleg distinksjon. At det er *vanleg* å bruka er likevel ikkje einstydig med at *alle* slike aktørar bruker slikt utstyr, og her er det grunn til å igjen påpeika at alle i ei gruppe må oppfylle alle vilkåra. Dersom ein person fell

⁶⁶ Wouters s. 261 (2016).

⁶⁷ Ibid nr. 1005.

⁶⁸ Ibid nr. 1011.

⁶⁹ Ibid nr. 1012.

⁷⁰ Ibid nr. 1014.

⁷¹ Ibid nr. 1015.

under terskelen for distinksjon her, vil det ikkje hjelpe at resten av gruppa er tydeleg uniformerte.

Også køyretøy som aktøren bruker må oppfylle kravet til distinksjon som vilkåret legg opp til.⁷² Ein firmalogo eller liknande vil neppe vera tilfredsstillande her: det kan ikkje rimeleg antakast at ein eventuell motpart kjenner til det konkrete firmaet og dermed ser forskjell på denne bilen og, for eksempel, ein elektriskar sin firmabil. At ein opent ber våpen vil nok eit stykke på veg legga opp til distinksjon, men slettes ikkje sikkert tydeleg nok til at kravet her er oppfylt.

Ordlyden i "carrying arms openly" tilseier at dei det gjeld må vera væpna, og at dei må bera desse våpena openlyst. Kor grensa går for at noko er å rekna som openlyst, kan sjølvstundt diskutert: er det for eksempel tilstrekkeleg å bera eit våpen på sin person, eller må ein aktivt halda våpenet? Formålet bak også dette vilkåret er å ivareta distinksjonsprinsippet, og det sentrale derfor at ein ikkje gir inntrykk av å vera sivil.⁷³ Det er derfor ikkje til hinder at ein har våpenet hylstra, så lenge det ikkje blir gøymt utover dette.⁷⁴

For dei aktørane som denne oppgåva tar for seg, vil dette vilkåret ganske sikkert vera oppfylt. Det er sedvane i den private sikkerheitsbransjen å bera våpen når ein opererer i konfliktsoner, og det ligger også i oppgåva si natur å vera væpna når oppdraget ein har tatt på seg inneberer transport gjennom eller sikring av installasjonar/personar inne i slike.

Til sist blir det krevd ein viss oppførsel: "That of conducting their operations in accordance with the laws and customs of war". Ordlyden er breitt formulert, og tilseier ikkje meir enn at aktøren må gjennomføra sine oppdrag etter krigen sine gjeldande lovar og tradisjonar i vid forstand. I praksis vil dette naturlegvis variere dei ulike aktørane i mellom. Det er interessant å merka seg at representantar for og i bransjen har uttalt at dei vil streva å etterleva desse,⁷⁵ men dette er sjølvstundt ingen garanti — som kontroversane rundt PMS illustrerer.

Ute "i felten" må dette vilkåret uansett vurderast i god tru, slik at tvil om det er oppfylt kjem den det gjeld til gode.⁷⁶ For dette vilkåret er også konsekvensen av artikkel 4A(2) sin kollektive natur den motsette av vilkåra i bokstav b og c om distinksjon: Ein tilsett i eit PMS som bryt med krigen rett, vil i teorien framleis kunne kvalifisere til krigsfangestatus dersom gruppa for øvrig blir rekna for å ha oppfylt vilkåret. Eit våpen som ikkje blir rekna for å ha vore synleg nok blir derfor i praksis straffa hardare enn å ikkje ha etterlevd krigen rett.

3.4 Sivile støttefunksjonar: Ikkje-kombattante med krigsfangerrettar?

Den som ikkje er kombattant, er sivil, og den som er sivil har ikkje rett på kombattantprivilegier. I frå dette utgangspunktet følger det samtidig ein unntaksregel som kan vera relevant for PMS: Sjølv om sivile ikkje har rett til å delta i strid, vil nærare gitte

⁷² Ibid nr. 1020.

⁷³ Ibid nr. 1021.

⁷⁴ Ibid.

⁷⁵ Sjå om dette Montreux-dokumentet.

⁷⁶ ICRC-kommentar nr. 1027.

kategoriar av sivile likevel etter forholda kunne ha rett til krigsfangestatus. Det følger nemleg av GKIII artikkel 4A (6) at krigsfangestatus også blir gitt til

‘‘Persons who accompany the armed forces without actually being members thereof, such as civilian members of military aircraft crews, war correspondents, supply contractors, members of labour units or of services responsible for the welfare of the armed forces, provided that they have received authorization from the armed forces which they accompany, who shall provide them for that purpose with an identity card similar to the annexed model’’.

‘‘Such as’’ tilseier at lista ikkje er uttømmende og at dei nemnte gruppene berre er eksempel. Det personkretsen har til felles, er at dei utgjør ein slags mellomkategori vis-à-vis kombattantar på den eine sida og øvrige sivile på den andre: Personar som av eiga vilje oppheld seg i stridssonen, i motsetning til sivile som ikkje har oppsøkt striden.

Ordlyden i ‘‘persons who accompany the armed forces without actually being members thereof’’ er breitt formulert; i snevraste forstand kan ‘‘accompany the armed forces’’ tolkast som at medlemmer av dei væpna styrkene må vera fysisk til stades med den det gjeld, mens det i vidaste forstand kan tolkast som at ein kvar som er deployert i samme generelle stridssone som ein parts væpna styrker vil vera inkludert. Formålsomsyn og ei kontekstuell tolking støttar samtidig opp om det breiare tolkingsalternativet.⁷⁷ ‘‘[W]ithout actually being members thereof’’ — at den det gjeld ikkje er medlem av dei væpna styrkene — vil openbart vera oppfylt når kombattantstatus etter TP1 og resten av GKIII artikkel 4 ikkje føreligg.

Det siste vilkåret, ‘‘provided they have received authorization from the armed forces which they accompany’’, tilseier at aktøren er formelt anerkjent som tilhøyrande denne kategorien av dei aktuelle væpna styrkene. At dei væpna styrkene ‘‘shall provide them for that purpose with an identity card similar to the annexed model’’, betyr ikkje at ein mistar vernet sitt etter GKIII dersom eit slikt identitetskort ikkje har blitt gitt.⁷⁸

For tilsette i ein PMS vil det formodentleg vera ønskeleg å oppfylle vilkåra i 4A (6), og praksis viser også at amerikanske myndigheiter har utarbeida retningslinjer — mellom anna utskrivning av identitetskort etter konvensjonen sin modell — som tar sikte på at så er tilfelle.⁷⁹

Føresetnaden for å vera innanfor artikkel 4A (6) er at rolla ein er tiltenkt ikkje inneber strid — altså at ein verken er kombattant eller sivil som deltar direkte i stridigheitane. Dersom eit PMS blir gitt i oppdrag å utføra oppgåver som potensielt inneber slik deltaking, men frå den hyrande parten si side er tiltenkt ei rolle som samsvarer med vilkåra og rettane gitt sivile støttefunksjonar, vil vedkommande vera i ein lite gunstig rettsleg posisjon; dei det gjeld vil i så fall vera nettopp sivile som deltar direkte i striden, og dermed bli eit lovleg militært mål *utan* krigsfangegarantiar.

Det springande punktet for krigsfangerettar for PMS etter artikkel 4A (6), gitt at aktøren ikkje er i fare for direkte deltaking i strid, vil vera kor vidt nærleiken til dei væpna styrkene er til stades — eit vilkår som må antakast for å vera oppfylt der dei er deployert saman med statlege

⁷⁷ Doswald-Beck (2007) s. 10.

⁷⁸ Wouters (2016) s. 269.

⁷⁹ Det amerikanske forsvarsdepartement: *Instruction No. 3020.41* om ‘‘Operational Contract Support (OCS)’’ (2018) og *Instruction No. 3020.41* om ‘‘Contractor Personnel Authorized to Accompany the U.S. Armed Forces’’ (2005).

væpna styrker. Rettane vil samtidig fort forsvinna for den type aktørar som denne oppgåva tar for seg — kor denne grensa går er spørsmålet i del 5.

3.5 Delkonklusjon

Dersom ein privat militær aktør blir brukt av ein part i ein internasjonal væpna konflikt, vil vilkåra for kombattantstatus fort vera innanfor oppnåeleg rekkevidde. Det springande punktet i ein slik situasjon vil vera tettleiken mellom den statlege parten og aktøren. Samtidig er det ein betydeleg bremsekloss at det er den aktuelle staten som sjølv som styrer integrasjonen, og dermed også kategoriseringa, gjennom formell klassifisering heller enn den praktiske organiseringa. Kor vidt ein slik aktør vil vera ein lovleg deltakar og mål, er dermed usikkert.

Når det av GKIII artikkel 5(2) følger at ein i tvilstilfelle uansett skal tilkjenna krigsfangestatus, vil vilkåra for krav på krigsfangerrettar på den andre sida sannsynlegvis vera oppfylte sjølv der kombattantstatus ikkje eksisterer.

Private militære aktører som leigesoldatar

3.6 Bakgrunn

Reint intuitivt er det naturleg at tankane går til leigesoldatombegrepet når ein som utanforståande les om PMS-fenomenet, i det saka si kjerne handlar om personar som tener pengar på væpna oppdrag i aktive krigssoner. I populærkulturen og i media blir desse omgrepa brukt om ein annan, og for ein lekmann vil nok fenomenene derfor fort gli over i kvarandre.

Leigesoldatverksemd som fenomen har røtter omtrent like langt tilbake i historien som sivilisasjonar har ført krig mot kvarandre. I antikken og i mellomalderen var dei aller fleste profesjonelle soldatar leigesoldatar i ein eller anna form, og det som i dag utgjer eit tabu mot slike er ikkje meir enn nokre få hundre år gammalt. Det var freden i Westfalen i 1648 og den medfølgande konsolideringa av statsmakt som for alvor snudde trenden, då statane i aukande grad bygde opp ståande arméar. I perioden frå midten av 1600-talet til midten av 1900-talet spelte leigesoldatar ei mykje mindre rolle, men med dekoloniseringa av Afrika rett etter andre verdenskrigen følgde det ei oppblomstring: Nye statar som ikkje hadde bygd opp regulære forsvarsstyrker hamna i konflikt med opprørsgrupper, og leigesoldatar kjempa på begge sider.⁸⁰ Bruken av leigesoldatar i denne samanhengen blei etter kvart eit så stort problem at FNs høgkommissær for menneskerettar (OHCHR) i 1987 etablerte ein spesialrapportør om bruken av leigesoldatar som eit middel for å krenka menneskerettar og motarbeida folks rett til sjølvbestemming, som i 2005 blei til ei arbeidsgruppe. I ein rapport frå 2018 uttaler denne arbeidsgruppa at PMS representerer ein ny og noko annleis form for leigesoldatverksemd som i stor grad har erstatta den som gruppa sitt mandat opphavelig sprang ut av, og at dei noverande definisjonane på kva som utgjer ein leigesoldat i så måte er inadequate.⁸¹

3.7 Noverande rettskjeldebilete

Den mest sentrale og vidast aksepterte rettslege definisjonen på "leigesoldat" finn ein i TP1 sin artikkel 47, som utover definisjonen nøyer seg med å konstatera at slike ikkje skal ha rett på krigsfangestatus. Organisasjonen for afrikansk eining (OAU, forløparen til den Afrikanske Union) vedtok i 1977 ein konvensjon for elimineringa av leigesoldatverksemd i Afrika,⁸² og nokre år seinare kom FN sin "leigesoldatkonvensjon" av 1989,⁸³ som gjekk betydeleg lenger enn artikkel 47 og sa at den som rekrutterer, bruker, finansierer, eller trener leigesoldatar, eller leigesoldatar som deltar direkte i strid, "commits an offense". Både dei to sistnemnte konvensjonane baserar sine leigesoldatdefinisjonar på den i artikkel 47, men med noko ulike rettsverknadar.

⁸⁰ McFate (2018) s. 10 flg.

⁸¹ Sjå OHCHR (2019) s. 14 flg.

⁸² OAU Convention for the Elimination of Mercenarism in Africa (1977, i kraft 1985), heretter "OAU-konvensjonen".

⁸³ International Convention against the Recruitment, Use, Financing and Training of Mercenaries (1989, i kraft 2001), heretter "FN-konvensjonen".

3.8 Kan PMS falla innunder TP1 sin definisjon av leigesoldatar?

Av TP1 artikkel 47 første ledd følger det at

‘‘A mercenary shall not have the right to be a combatant or a prisoner of war.’’

Definisjonen på leigesoldat følger i andre ledd, der det heiter at ein leigesoldat er den som

- (a) is specially recruited locally or abroad in order to fight in an armed conflict;
- (b) does, in fact, take a direct part in the hostilities;
- (c) is motivated to take part in the hostilities essentially by the desire for private gain and, in fact, is promised, by or on behalf of a Party to the conflict, material compensation substantially in excess of that promised or paid to combatants of similar ranks and functions in the armed forces of that Party;
- (d) is neither a national of a Party to the conflict nor a resident of territory controlled by a Party to the conflict;
- (e) is not a member of the armed forces of a Party to the conflict, and
- (f) has not been sent by a State which is not a Party to the conflict on official duty as a member of its armed forces.’’

Allereie første vilkår byr på potensielle problem dersom ein vurderer PMS opp mot den rettslege definisjonen av leigesoldatar. Ordlyden i ‘‘specially recruited [...] in order to fight’’ tilseier at den det gjeld har blitt rekruttert hovudsakeleg eller utelukkande for å delta i stridigheter, noko dei fleste aktørar ikkje ville ha uttalt — i alle fall ikkje offentleg. For aktørar av samme type som Executive Outcomes, som påtar seg angrepsoppdrag, vil det nok utan vidare kunne tenkast å oppfyllest. Usikkerheiten her knyt seg til dei i utgangspunktet defensivt orienterte aktørane som blir kontraherte for forsvar, vakthald, eller sikring i ein internasjonal konflikt. Her vil det vera heilt avgjerande kor vidt ein definerer ‘‘to fight’’ — om dei meir defensivt orienterte oppgåvene fell utanfor, sjølv i ein aktiv stridssone.

Enkelte teoretikarar hevdar at ‘‘to fight’’ tilseier eit verkeområde som avskjer mot det meir defensive, og legg vekt på ordlyden så vel som det faktum at det å delta i strid er førebeholdt kombattantar.⁸⁴ Men artikkel 47 seier ikkje noko anna enn at aktøren som skal vurderast opp mot leigesoldatnormen må ha blitt rekruttert for å ‘‘fight in a conflict’’, ikkje at ein må vera kombattant. Det ville også ha vore meiningslaust når første ledd seier at leigesoldatar ikkje skal ha rett på kombattantstatus.

I denne samanheng er det relevant å peika på TP1 sine artklar 49 og 52, som begge omhandlar angrep som omgrep. Artikkel 49(1) definerer eit angrep i humanitærrettsleg sin forstand som vald mot motstandaren, ‘‘whether in offence or in defence’’. Artikkel 52(2) seier at angrep utelukkande skal rettast mot ‘‘military objectives’’. Etter tilleggsprotokollen sin logikk vil ein aktør som under forsvar av eit militært mål utøver vald utføra eit angrep.

⁸⁴ Scheimer (2009) s. 624-625.

Omsynet til samanheng i systemet tilseier derfor ganske klårt at også defensivt orienterte aktørar må kunne dekkast. Dersom eit PMS har blitt kontrahert for å sikra eit militært mål i ein konfliktsone, og i utføringa av dette oppdraget må rekna med å forsvara målet med vald mot væpna opposisjonar, tyder definisjonane i 49(1) og 52(2) på at dette fell innanfor definisjonen på "fight" i artikkel 47, og at vilkåret i bokstav a fort kunne vera oppfylt.

Ei anna innvending som blir reist er at vilkåret som ligg i "specially recruited" ikkje famnar om PMS fordi dei ofte opererer på langtidskontraktar og derfor ikkje kan seiast å vera "spesielt" rekrutterte for dei trefningane som måtte kunne oppstå.⁸⁵ Dette blir etter mitt syn å gjera innhaldet smalare enn ordlyden tilseier, utan at det finst haldepunkt for å gjera så, når det er fastlagt at "fight"-omgrepet også famnar om skarpe defensive oppdrag. Det kan neppe vera utelukkande at dei også utfører andre meir teknisk orienterte oppgåver så lenge dei skarpe defensive oppdraga ligg innanfor kontrakten, då dei framleis vil ha blitt spesielt rekruttert for sine defensive tenester.

Ordlyden i bokstav b sitt krav om at aktøren må "take direct part in the hostilities" tilseier for det første at aktøren, uavhengig av kva vedkommande har blitt kontrahert for, faktisk deltek i striden, og legg også opp til eit kvalifikasjonskrav for nærleiken mellom aktøren og strida. "Direct part" tilseier at den det gjeld så å seie må vera "i skotlinja". Av ICRC-kommentarane følger det også nettopp at "this condition excludes foreign advisers and military technicians".⁸⁶ PMS som utelukkande utfører teknisk og logistisk støtte, enten fordi kontrakten er slikt avgrensa eller fordi skarp strid aldri bryt ut, fell derfor utanfor. For PMS som tar del i strid vil vilkåret nok vera oppfylt, uavhengig av om dette skjer i defensiv eller offensiv augneméd.

Bokstav c inneheld to vilkår: For det første eit krav til aktøren sin motivasjon, og for det andre eit krav til aktøren sin kompensasjon. At vedkommande må vera "motivated to take part in the hostilities essentially by the desire for private gain", tilseier at det er profitt som må vera den underliggande motivasjonen. I utgangspunktet skulle dette tenkast å avskjera mot dei såkalla "framandsoldatane" som reiser til stridssoner og tenestegjer for ei side der av meir personlege grunnar som overtyding eller eventyrlyst, i det eit sentralt kjenneteikn ved PMS nettopp er den økonomiske fortenesta dei søker. Det er samtidig eit kjent fenomen at tidlegare soldatar blir med i PMS for å halda fram med eit tilnærma soldatliv,⁸⁷ og ein kan ikkje utelukka at motivasjonen for enkelte er sympati for ei side eller spenningssøken.⁸⁸ Dette vil vera nok til at ein ikkje når opp til kravet i bokstav c. Hovudproblemet med dette vilkåret er likevel bevisspørsmålet, og utfordringa som ligg i å forsøka å dokumentera ein person sin intensjon. Om vilkåret er oppfylt vil her variera frå person til person, men det kan her tenkast at ein del som tar oppdrag for "si side" av ein konflikt — så som Wagner — fell utanfor.

Vidare må den det gjeld vera "promised, by or on behalf of a Party to the conflict, material compensation substantially in excess of that promised or paid to combatants of similar ranks and functions in the armed forces of that Party". Dette tilseier for det første at aktøren må vera lova kompensasjon som er betydeleg høgare enn den gitt til andre som utfører samme tenesta for parten. I ICRC-kommentaren blir det påpeikt at eit formål med kravet om

⁸⁵ Salzman (2008) s. 881.

⁸⁶ ICRC-kommentar nr. 1806.

⁸⁷ Fallah (2006) s. 600; sjå også Kálmán (2013) s. 379-380.

⁸⁸ ICRC-kommentar nr. 1809.

vesentleg høgare kompensasjon er for å klårare skilja leigesoldaten i frå den regulære soldaten, som jo også vil få ei løn av parten.⁸⁹ Hemmelighaldet i bransjen gjer at konkrete tal for løn og kompensasjon er vanskelege å få tak i. Når PMS har som bakomliggende formål først og fremst å tena pengar, og det som oftast vil vera på den rikaste sida dei høgaste tilboda kjem i frå, er det likevel nærliggande å gå ut i frå at slike aktørar vil oppfylla det kvantitative kompensasjonsvilkåret.⁹⁰ Blackwater-tilsette på livvaktteneste i Irak tente som eit eksempel opp til 2000 amerikanske dollar dagen, vesentleg høgare enn amerikanske soldatar hadde tent for å utføra samme oppgåva.⁹¹ Ei innvending mot det kvalitative kompensasjonskravet kan samtidig vera at det forutset at det faktisk eksisterer kombattantar med “similar ranks and functions”, og dermed strengt tatt ikkje vil vera oppfylt om ein privat aktør utfører oppgåver som ikkje har ein adekvat analogi i dei regulære styrkene.

Bokstav d gir nærare krav til aktøren sin nasjonalitet: Aktøren må vera “neither a national of a Party to the conflict nor a resident of territory controlled by a Party to the conflict”. Dette tyder på at aktøren for å vera som leigesoldat å rekna ikkje kan vera verken heimehøyrande i ein part til konflikten eller busett i ein part sitt territorie. Det framkjem samtidig ikkje om vilkåret her siktar utelukkande til individuelle personar eller om det også kan famna om grupper slik som PMS som juridiske personar. Dermed er det heller ikkje klårt om ein PMS-tilsett frå eit tredjeland — for eksempel ein spanjol tilsett i eit amerikansk PMS i teneste i Midtausten under internasjonal konflikt — vil falla innanfor eller utanfor nasjonalitetskravet; dersomet spørsmålet gjeld den individuelle spanjolen, vil han vera innanfor, men dersom det gjeld gruppa som heilskap, vil han vera utanfor.

Både ordlyden og ICRC-kommentaren tilseier at vilkåret her blir stilt til den einskilde. I teorien sine kommentarar til artikkel 47 har det samtidig blitt sagt at det i 1977 var “implicit in both custom and conventional international law that the combatant’s privilege and entitlement to prisoner-of-war status did not extend to members of armed groups which operate essentially for private ends and do not belong to a Party” — altså at også ei gruppe sin nasjonalitet skulle kunne vera grunnlag for vurderinga, jamfør “armed groups”.⁹² Det er også verdt å peike på at det i OAU-konvensjonen sin tredje artikkel, som fastlegg konvensjonens rettsverknadar for å oppfylla vilkår tilsvarande dei i TP1 sin artikkel 47, blir spesifisert at dette gjeld både naturlege og juridiske personar.⁹³ I fråvær av andre rettskjeldemoment som tilseier det samme for artikkel 47, må likevel den forholdsvis klare ordlyden her etter mitt syn vega tyngst slik at grunnlaget for vurderinga her må vera individuelt. Dette medfører at enkelte tilsette i eit PMS kan tenkast å oppfylla vilkåret utan at dei andre tilsette nødvendigvis vil gjera det.

Dei to siste vilkåra, i bokstavane e og f, omhandlar begge aktøren si tilknytning til statlege forsvarsmakter; førstnemnte avskjer mot medlemmar av ein parts væpna styrker, og sistnemnte mot medlemmar av andre statar sine væpna styrker. Bokstav e si formulering om at vedkommande “is not a member of the armed forces of a Party to the conflict” er den samme som formuleringa i artikkel 43 om kombattantar, og vurderinga blir dermed den samme. Vilkaåret kan slikt sett framstå meiningslaust all den tid ein er kombattant dersom ein

⁸⁹ ICRC-kommentar nr. 1807.

⁹⁰ Ibid.

⁹¹ Cameron (2006) s. 581.

⁹² Doswald-Beck (2007) s. 9; sjå også UCIHL (2005) s. 27.

⁹³ OAU-konvensjonen artikkel 3.

oppfyller vilkåret, noko ICRC-kommentaren også anerkjenner. Formålet her er å avskjera mot dei forsvarsmaktene som tilset utlendingar, slik som for eksempel i framandlegionar som dei Frankrike og Spania har.⁹⁴ Vilkåra i e og f vil for PMS formodentleg by på dei samme vurderingane som for om gruppa er innlemma i ein stats regulære styrker i spørsmålet om kombattantstatus.

Det er ingen teoretisk umoglegheit at eit PMS, eller i det minste ein PMS-tilsett, i ein internasjonal konflikt vil kunne oppfylle alle dei seks vilkåra og dermed vera for leigesoldat å rekna. I praksis vil nok dette likevel vera svært usannsynleg, langt på veg grunna dei praktiske spørsmåla som følger med eit krav til aktøren sin subjektive motivasjon. Bokstav d si avskjering mot dei som er borgarar i eller busette i territoriet til ein part til konflikten, vil også vera med på å utelukka leigesoldat kategorien som aktuell i det mange PMS og tilsette er heimehøyrande i potensielle partsland.

3.9 Føresetnadar for og konsekvenser av OAU og FN sine leigesoldatkonvensjonar

Dei to leigesoldatkonvensjonane baserar seg begge på TP1 sin definisjon av leigesoldatomgrepet, men går begge også lengre enn TP1 i rettsverknadane som blir gitt oppfyljing av leigesoldatdefinisjonen. Der den einaste konsekvensen av å vera leigesoldat etter TP1 er at ein ikkje har rett på krigsfangestatus — noko ein uansett ikkje har dersom ein ikkje er lovleg stridande — konstaterer OAU-konvensjonen at ein kvar naturleg eller juridisk person som oppfyller vilkår tilsvarande dei i TP1 artikkel 47 er skuldig i ‘‘the crime of mercenarism’’ og straffast deretter.⁹⁵ Likeeins seier FN sine leigesoldatkonvensjon at den som oppfyller likelydande vilkår ‘‘commits an offense’’ dersom dei deltar direkte i stridigheitar.⁹⁶

PMS-tilsette som opererer i ein internasjonal konflikt der ein stat som er bunde av ein av konvensjonane er involvert, vil dermed risikera straffeforfølgning for sjølve deltakinga. Dette vil ein samtidig strengt satt risikera uansett; det at TP1 ikkje pålegg sanksjonar for leigesoldatar, er ikkje til hinder for at ein stat gjer leigesoldatverksemd ulovleg.

3.10 Delkonklusjon

Som vist ovanfor er leigesoldatomgrepet slik det er definert i humanitærretten i dei fleste tilfelle ikkje dekkande for PMS. Sjølv i dei tilfella der ein står ovanfor ein jurisdiksjon som har slutta seg til ein eller begge leigesoldatkonvensjonane, gir dei kumulative vilkåra eit så snevert nedslagsfelt at dei aller fleste aktørar vil falla utanfor. Det at ei slik kategorisering krevjer tunge og inngåande enkeltvurderingar, gjer også både TP1 og konvensjonane lite eigna til å regulera PMS.⁹⁷

⁹⁴ ICRC-kommentar nr. 1813

⁹⁵ OAU-konvensjonen artikkel 3 jamfør artikkel 1. I artikkel 7 blir det slått fast at dei kontraherande statane skal gjera slik kriminalitet straffbart ‘‘by severest penalties under its laws, including capital punishment’’.

⁹⁶ FN-konvensjonen artikkel 3 jamfør artikkel 1

⁹⁷ Cameron (2006) s. 578

Om enn så er tilfelle, sender TP1 og leigesoldatkonvensjonane både samla og kvar for seg eit signal om at slik aktivitet i det minste er frårådd av dei folkerettslege institusjonane.⁹⁸ Når fleire av dei samme omsyna som i si tid grunn gav den humanitærrettslege leigesoldatkategorien også gjer seg gjeldande for PMS, kan det argumenterast for at eit nytt blick på denne — og ny giv i konvensjonsarbeidet kring tematikken — er nødvendig.⁹⁹

⁹⁸ Fallah (2006) s. 610

⁹⁹ FN si arbeidsgruppe framheld også at bindande konvensjonar er den beste måten å regulera PMS på, sjå OHCHR (2019) s. 17.

4 Private militære aktørar som sivile

4.1 Vernet om sivile

Tanken om at sivile utgjer ei eigen gruppe som ikkje med rette kan vera mål for militære angrep, er det fundamentale prinsippet som resten av humanitærretten kviler på. Som Sankt Petersburg-erklæringa slo fast i 1868: Det einaste legitime målet i krig er å svekka fienden sine *militære* kapabilitetar.¹⁰⁰ Omsyna som gjer sivile verneverdige, gjer seg likevel ikkje gjeldande der dei aktivt deltar i striden: Dersom ein deltar, kan ein ikkje lenger hevda si uskuld som tilfeldig offer.

Personkretsen som reknast som sivile, er i dag negativt definert: Ein kvar som ikkje er kombattant etter TP1 artikkel 43 eller dekkja av GKIII artikkel 4 bokstav a nr. 1, 2, 3, eller 6, er etter gjeldande rett sivil — også der det er tvil om vedkommande er sivil.¹⁰¹ Sivile nyter etter Genevekonvensjonane sitt system utstrakt vern i ikkje-internasjonale så vel som i internasjonale konflikhtar, men dette vernet gjeld likevel berre så lenge dei ikkje deltar direkte i stridigheiter.¹⁰² Dersom sivile gjer seg til lovlege mål ved å delta direkte i strid, vil dei ikkje ha kombattantprivilegier, og dermed verken ha krigsfangegarantiar eller vern mot straffeforfølgning for sjølve deltakinga. Deira rettslege posisjon vil i så tilfelle vera ein utan anna vern enn det som følger av menneskerettane og allmenne minstestandardar.

Når private militære aktørar si rettslege stilling er problematisk nettopp på grunn av deira nærleik til stridigheitene, er det derfor nødvendig å vurdere PMS si stilling som sivile deltakarar i strid. Eit PMS som utfører væpna og offensivt orienterte operasjonar, vil klårt nok vera innanfor verkeområdet og inneha ei "direct part" i striden, og dermed også vera eit legitimt mål. Her er det igjen dei defensivt orienterte oppdraga som reiser dei vanskelegaste spørsmåla: Kva utgjer direkte deltaking i strid, og kor går grensa for direkte deltaking i spennet av oppgåver som eit PMS kan utføra i ein stridssone?

4.2 Vilråra for direkte deltaking i strid

4.2.1 Rettsleg bakgrunn

Både TP1 artikkel 51 nr. 3 og TP2 artikkel 13 nr. 3 slår fast at sivile nyter vern "unless and for such time as they take a direct part in hostilities".¹⁰³ Ordlyden i "direct part" forutset ut i frå ordlyden ei kvalifisert nærheit mellom den sivile og striden, men legg ikkje nærare

¹⁰⁰ Wouters (2016) s. 259.

¹⁰¹ TP1 artikkel 50

¹⁰² Høvesvis TP2 artikkel 13 nr. 3 og TP1 artikkel 51 nr. 3. Denne regelen er også stadfesta som folkerettsleg sedvanerett av ICRC, sjå https://ihl-databases.icrc.org/customary-ihl/eng/docs/v1_rul_rule10 (Sist opna 07.06.2021)

¹⁰³ ICRC slår også fast at innhaldet i formuleringa er det same for internasjonale og ikkje-internasjonale konflikhtar, sjå Melzer (2009) s. 43-44.

føringar for kor terskelen ligg. Det følger også av ordlyden at det rimelegvis må vera ein moglegheit for at ein sivil deltar *indirekte* i striden, og då vil vera utanfor verkeområdet.

Av ICRC-kommentaren til TP1 følger det at “direct part” inneber “acts of war which by their nature or purpose are likely to cause actual harm to the personnel and equipment of the enemy armed forces”.¹⁰⁴ Den tilsvarande kommentaren til TP2 legger til at det må vera ein tilstrekkeleg kausal link mellom deltakingsakta og dens umiddelbare konsekvensar, utan at dette kausalitetskravet blir definert.¹⁰⁵ Utover dette definerer ikkje dei humanitærrettslege konvensjonane det nærare innhaldet i “direct part in hostilities”; det finst heller ikkje eintydig folkerettsleg praksis som utpenslar vilkåret.¹⁰⁶

ICRC vedtok i 2009 ei retningslinje for tolkinga av vilkåret om direkte deltaking: *Interpretive Guidance on the notion of Direct Participation in Hostilities*, ført i pennen av Nils Melzer. Av denne framkjem det at ei handling, for å utgjera direkte deltaking i strid i Genevekonvensjonane si forstand, må oppfylle tre kumulative vilkår: Handlinga må for det første “be likely to adversely affect the military operations or military capacity of a party to an armed conflict or, alternatively, to inflict death, injury, or destruction on persons or objects protected against direct attack”, for det andre må det vera “a direct causal link between the act and the harm likely to result either from that act, or from a coordinated military operation of which that act constitutes an integral part”, og for det tredje at handlinga “must be specifically designed to directly cause the required threshold of harm in support of a party to the conflict and to the detriment of another.”¹⁰⁷ Her er det altså snakk om eit skadevilkår, eit krav om kausal årsakssamanheng, og eit intensjonskrav.

4.2.2 Skadevilkåret

For det første må skaden som er å forventast som ei følge av den sivile si deltaking i striden nå opp til eit visst nivå. Ut i frå ei reint språkleg forståing av ordlyden i konvensjonsteksten sitt krav om “direct part in hostilities” er det nærliggande å forventast ei eller anna form for aktiv påføring av skade på motparten.

At handlinga i følgje tolkingsretningslinja må vera “likely to adversely affect” ein motpart sine militære operasjonar eller kapasitetar, gjer det samtidig klart at det ikkje gjeld noko krav om at aktøren si handling reint faktisk medfører skade på motparten — det vil vera nok at det er sannsynleg at motparten sine militære kapasitetar blir negativt råka. Ordlyden i “adversely affect” stiller ikkje opp noko eksplisitt krav til kor alvorleg den sannsynleggjorte påverknaden på motparten må vera for at skadevilkåret skal vera oppfylt, men retningslinja gjer det klart at det er det militære preget på skaden som her utgjer det kvalitative kravet.¹⁰⁸ På den andre sida vil også angrep på beskytta mål (sivile objekt eller personar) oppfylle det alternative skadevilkåret, men då med eit strengare kvalitativt krav (“death, injury, or destruction”).

¹⁰⁴ ICRC-kommentaren til TP1 (1987), nr. 1944.

¹⁰⁵ ICRC-kommentaren til TP2 (1987), nr. 4787.

¹⁰⁶ Melzer (2009) s. 41.

¹⁰⁷ Ibid s. 46.

¹⁰⁸ Ibid s. 47.

Som konkrete eksempel — altså ikkje ei uttømmende liste — på handlingar som vil vera innanfor skadevilkåret nemner ICRC-retningslinja “armed or unarmed activities restricting or disturbing deployments, logistics and communications” og “denying the adversary the military use of certain objects, equipment and territory, guarding captured military personnel of the adversary to prevent them being forcibly liberated (as opposed to exercising authority over them), and clearing mines placed by the adversary”.¹⁰⁹

Desse eksempla tyder på at skadevilkåret må forståast betydeleg vidare enn ordlyden legg opp til, og er alle relevante for oppgåver som PMS utfører. Spesielt interessant er det at å halda vakt over fiendtleg militærpersonell blir rekna som over skadeterskelen, når nettopp vakthald og sikring ofte er ei sentral oppgåve for slike aktørar. “Denying the adversary the military use of certain objects, equipment, and territory” kan også forståast slik at ei reint defensiv rolle der eit PMS forsvavar ein installasjon eller eit område frå fienden vil vera nok til at terskelen er nådd. Mineklarering er også ei ikkje-offensiv teneste enkelte PMS tilbyr som vil nå opp til terskelen.¹¹⁰

På den andre sida eksemplifiserer retningslinja handlingar som ikkje nødvendigvis vil nå opp til skadevilkåret sin terskel om negativ påverknad på militære operasjonar, og nemner blant anna bygging av gjerder, bygging av vegsperringar, arrestasjonar og deportasjonar. Desse er alle oppgåver som kan tenkast å utførast av PMS, men som samtidig også ligg utanfor desse aktørane sitt hovudfokus. Slike oppgåver er det nærliggande å tenke at heller fell til øvrige sivile kontraktørar.

Med den breie definisjonen av skade som retningslinja legg til kravet om “direct part in hostilities”, vil skadevilkåret sannsynlegvis vera lite problematisk for den typen aktørar som denne oppgåva tar for seg. Alle typetilfella nemnt tidlegare i teksten under 1.4.1 vil for eksempel oppfylle skadevilkåret, også vakthald- og sikringstenestene selskap som Blackwater tilbyr. Dei som fell utanfor her, vil nok vera ordinære sivile kontraktørar heller enn PMS.

4.2.3 Kravet om kausal årsakssamanheng

For det andre må det føreligga adekvat og kausal årsakssamanheng mellom den sivile si handling og den oppståtte konsekvensen. Ordlyden i “direct part” tilseier språkleg sett at den sivile har forvolda skade som ein direkte konsekvens med ei direkte kopling til handlinga, og at den potensielle skadeverknaden motparten blir påført ikkje kan vera snakk ei avleda følge. Ei antitetisk tolking tilseier også at det er mogleg å delta *indirekte* og slik vera utanfor vilkåret.

Det følger av formåla bak distinksjonsprinsippet at ein rimelegvis må trekka ei grense for kor indirekte ei handling kan seiast å ha bidratt til stridhandlingar, sidan ein elles kunne ha sett i samanheng med striden sjølv utprega sivile og verneverdige handlingar — ein kunne for eksempel ha anklaga bonden for å bidra til striden i det han produserte mat som deltakarar i striden var avhengige av. På den andre sida ville det ha vore for snevert å utelukka alt anna enn aktive og offensive operasjonar.¹¹¹

¹⁰⁹ Melzer (2009) s. 48.

¹¹⁰ Faite (2004) s. 1.

¹¹¹ Melzer (2009) s. 51.

ICRC-retninglinja legg i kravet om årsakssamanheng at skaden som oppstår må oppstå i eitt kausalt ledd — altså at linja frå handling til oppstått skade er direkte.¹¹² Her er det interessant å merka seg at trening og opplæring av personell blir nemnt som døme på handlingar som ikkje vil ha tilstrekkeleg årsakssamanheng med mindre det gjeld trening og opplæring i samband med ein konkret offensiv operasjon.¹¹³ Det er samtidig ikkje noko krav om at handlinga var *nødvendig* for at skaden skulle oppstå: Ei handling vil kunne vera innanfor kravet om årsakssamanheng sjølv om handlinga var ein mindre del av eit større bilde, som til dømes der ein har vore på utkikkspost og vidareformidla informasjon for å mogleggjera eit angrep.¹¹⁴

Når ein legg til grunn skadeterskelen som er nemnt ovanfor, der vakthald, sikring, og mineklarering vil vera innanfor kravet om skade, kan det ikkje vera tvil om at årsakssamanhengen vil vera adekvat der eit PMS utfører slike tenester direkte. Trening og opplæring av personell i ein stridssone vil samtidig vera eit oppdrag som ikkje oppfyller kravet om kausal årsakssamanheng.

4.2.4 Kravet til intensjon

Til sist føreligg det eit intensjonskrav for deltakinga. Dette kjem ikkje heilt tydeleg fram av ordlyden i “direct part in in hostilities”, men er klårare når ein ser vilkåret i samanheng med definisjonen av “hostilities” elles i Genèvekonvensjonane: angrep blir for eksempel definert i TP1 som vald “against an adversary”.¹¹⁵ Dette tilseier også at valden faktisk må vera *retta* mot ein motstandar. Intensjonskravet det her er snakk om er ikkje subjektivt — det er ikkje aktøren si personlege oppfatning som ligg til grunn — men baserast på det handlinga sitt objektive formål er.¹¹⁶ Dette gjer at intensjonskravet her er enklare å forholde seg til enn det subjektive intensjonskravet for leigesoldatstatus etter TP1, spesielt all den tid aktørane sjølv vil .

ICRC-retningslinja eksemplifiserer med at kriminelle handlingar, slik som å stele militært materiell for eiga vinning, er ei sak for den sivile strafferetten heller enn den internasjonale humanitærretten og derfor fell utanfor intensjonskravet.¹¹⁷ Av retningslinja følger det også at sjølvforsvar mot ulovlege angrep, enten på vegne av seg sjølv eller andre, ikkje oppfyller det objektive intensjonskravet så lenge det ikkje blir gjort med formål å støtta ein part til konflikten. Dersom ein sivil aktør forsvarar seg sjølv mot rettsstridige angrep, vil intensjonskravet derfor ikkje vera oppfylt sjølv der skadevilkåret klart er oppfylt.

I det heile er det vanskeleg å sjå for seg at intensjonskravet ikkje er oppfylt der eit PMS leverer væpna tenester til ein part i ein konflikt: Dersom ein er kontrahert til å yte støttetjenester i ein stridssone på vegne av ein part, vil desse tenestene trass alt vera etterspurde nettopp fordi ein motpart eksisterer og moglegheten for konflikt med desse eksisterer.

¹¹² Ibid s. 53.

¹¹³ Melzer (2009) s. 53.

¹¹⁴ Ibid s. 54.

¹¹⁵ Ibid s. 58.

¹¹⁶ Ibid s. 59 flg.

¹¹⁷ Ibid s. 60.

4.2.5 Når startar og opphøyrer den direkte deltakinga?

Implisitt i "for such time as" ligg det at det må definerast eit skjeringspunkt der den sivile går i frå å delta direkte til ikkje lenger å delta i striden, og der vedkommande igjen nyter vern som sivil. Ordlyden i "for such time as" tilseier språkleg og isolert sett at den direkte deltakinga opphøyrer så snart dei ovanfor nemnte vilkåra som utgjer direkte deltaking ikkje lenger gjer seg gjeldande.

Av ICRC-retningslinja følger imidlertid eit breiare temporalt verkeområde enn det ordlyden tilseier. Også førebuande handlingar kan etter forholda vurderast som innanfor tidsområdet til den direkte deltakinga, dersom det er tilstrekkeleg nærheit til den spesifikke skadegivande handlinga det er snakk om.¹¹⁸ Eksempel gitt av retningslinja på slike førebuande handlingar med adekvat nærheit er "equipment, instruction, and transport of personnel; gathering of intelligence; and preparation, transport, and positioning of weapons and equipment".¹¹⁹ Instruksjon, transport, og rekognosering ligg innanfor kjerneområdet til private militære aktørar, og implikasjonane av dette er at dei vil vera som direkte deltakarar i striden å rekna all den tid dei utfører desse funksjonane.¹²⁰

4.3 Delkonklusjon

Sjølv der dei held seg til defensive, tekniske, eller logistisk orienterte oppgåver, vil PMS under store delar av sine operasjonar risikere å delta direkte i strid i humanitærrettsleg forstand og dermed også vera forutan det vernet som sivile i utgangspunktet har. Dette inneber at eit militært angrep på slike aktørar er lovleg, at dei kan straffeforfølgast for dei handlingane som utgjer deltakinga, og at dei ikkje er garantert krigsfangerrettar.

Samtidig er det enkelte av dei klassiske private militære tenestene som ikkje vil vera som direkte deltaking å rekna. Dette gjeld først og fremst trening og opplæring av personell i ein stridssone. Dersom ein private militær aktør utelukkande utfører slike tenester, vil dei framleis nyte sivile sitt vern, og dermed ikkje vera eit lovleg mål.

¹¹⁸ Ibid s. 66.

¹¹⁹ Ibid.

¹²⁰ Faite (2004) s. 1.

5 Oppsummering og avsluttande refleksjonar

I det humanitærrettslege rettskjeldebiletet som føreligg, fell private militære aktørar mellom fleire stolar. Dei er ofte ikkje kombattantar og svært sjeldan leigesoldatar, og vil derfor i mange situasjonar reknast som ordinære sivile — men under utføringa av oppdraga sine heller ikkje nødvendigvis nytta godt av sivile sitt vern mot militære angrep. Ut i frå formålsomsyn skulle ein tenka at det allereie eksisterande leigesoldatomgrepet var av relevans, men verkeområdet til dette i humanitærretten er både snevert og i utakt med den faktiske utviklinga på området.

PMS-tilsette opererer dermed i ein juridisk gråson, og risikerer å hamna i ein situasjon der dei både kan straffefølgast for og lovleg angripast under utføringa av tilsynelatande defensive eller tekniske tenester. Dette gjeld også der den kontraherande stat legg til grunn at aktørane har vern, slik som det amerikanske utanriksdepartementet sine vurderingar av kontraktørar som verna støttepersonell. Denne tvilen kjem samtidig dei aktuelle aktørane til gode i vurderinga av om dei har rett til krigsfangestatus i ein internasjonal konflikt.

Uansett kva for prinsipielt syn ein måtte ha på aktørar som leverer tenester i striden med profitt for auga, byr den aukande bruken av slike på viktige spørsmål knytt til staten sitt maktmonopol så vel som rettslege spørsmål om aktørane sine retter og plikter. For framtida må det vera eit håp at den aukte bruken også ber med seg eit nytt blick på kontrollen med den private militære bransjen.

Kjelderegister

Konvensjonar

Geneve-konvensjonen om behandling av krigsfanger, med vedlegg (Konvensjon III). Underteikna i 1949, ikraftsett 1950.

Tilleggsprotokoll til Geneve-konvensjonene av 12-08-1949 hva angår beskyttelse av ofre for internasjonale væpnede konflikter (Tilleggsprotokoll I). Underteikna i 1977, ikraftsett 1978).

Tilleggsprotokoll til Genève-konvensjonene av 12. august 1949 hva angår beskyttelsen av ofre for ikkeinternasjonale væpnede konflikter (Tilleggsprotokoll II). Underteikna i 1977, ikraftsett 1978.

FN si generalforsamling sin *International Convention against the Recruitment, Use, Financing and Training of Mercenaries* (vedtatt 1989, ikraftsett 2001).

Organisasjonen for afrikansk eining (OAU) sin *Convention for the Elimination of Mercenarism in Africa* (vedtatt 1977, ikraftsett 1985).

Vienna Convention on the Law of Treaties (1969).

Rettspraksis og avgjersler

Ex parte Quirin, USA sin høgsterett (1942).

Legal Consequences for States of the Continued Presence of South Africa in Namibia (South-West Africa) Notwithstanding Security Council Resolution 276 (1970), rådgivande fråsegn frå Den internasjonale domstolen (1971).

Military and Paramilitary Activities In and Against Nicaragua (Nicaragua v. United States of America), Den internasjonale domstolen (1986).

The Prosecutor v. Duško Tadić, Case No. IT-94-1, Den internasjonale domstolen (1999).

Litteratur

Bøker

Melzer, Nils: *International Humanitarian Law: A Comprehensive Introduction*, International Committee of the Red Cross (2019)

Kolb, Robert; Hyde, Richard: *An Introduction to the International Law of Armed Conflicts*, Hart Publishing (2008)

Henckaerts, Jean-Marie; Doswald-Beck, Louise: *Customary International Humanitarian Law, Volume I: Rules*, International Committee of the Red Cross, Cambridge University Press (2009)

Gässer, Hans-Peter; Dörmann, Knut: *The Handbook of International Humanitarian Law*, 3. utg. Oxford University Press (2013)

Wouters, Jan; De Man, Philip; Verlinden, Nele: *Armed Conflicts and the Law*, Intersentia Ltd (2016)

Manualar

Forsvarets høgskole: *Manual i krigens folkerett*, Forsvarssjefen (2013)

Juridiske artiklar

Cameron, Lindsey: *Private military companies: their status under international humanitarian law and its impact on their regulation*, International Review of the Red Cross, volum 88 nummer 863 s. 573-598 (2006)

Doswald-Beck, Louise: *Private military companies under international humanitarian law*, From Mercenaries to Market: The Rise and Regulation of Private Military Companies s. 115-138 (Oxford University Press, 2007)

Dörmann, Knut: *The legal situation of "unlawful/unprivileged combatants"*, International Review of the Red Cross volum 85 nummer 849 s. 45-74 (2003)

Faite, Alexandre: *Involvement of Private Contractors in Armed Conflict: Implications under International Humanitarian Law*, Defence Studies, volum 4 nummer 2 (2004)

Fallah, Katherine: *Corporate actors: the legal status of mercenaries in armed conflict*, International Review of the Red Cross, volum 88 nummer 863 s. 599-611 (2006)

Gill, Terry; Elies Van Sliedregt: *Guantánamo Bay: A Reflection On The Legal Status And Rights Of 'Unlawful Enemy Combatants'*, Utrecht Law Review juli 2005 s. 28-54 (2005)

Gillard, Emanuela-Chiara: *Business goes to war: private military/security companies and international humanitarian law*, International Review of the Red Cross, volum 88 nummer 863 s. 525-572 (2006)

Kálmán, János: *Mercenaries Reloaded? Applicability of the Notion of 'Mercenaries' in Relation to Private Military Companies and their Employees*, Acta Juridica Hungarica, volum 54 nummer 4 s. 367-383 (2013)

Müller, Amrei: *En kort innføring i folkerettslig traktattolkning*, Jussens Venner, volum 52 nr. 4 s. 222-259 nummer (2017)

Salzman, Zoe: *Private Military Contractors and the Taint of a Mercenary Reputation*, New York University Journal of International Law and Politics, volum 40 nummer. 3 s. 853-892 (2008)

Scheimer, Michael: *Separating Private Military Companies From Illegal Mercenaries in International Law: Proposing an International Convention for Legitimate Military and Security Support that Reflects Customary International Law*, American University International Law Review, volum 24 nummer 3 s. 609-646 (2009)

Schüller, Andreas: *Rules and Responsibilities of Employees of Private Military Companies under International Humanitarian Law*, S&F Sicherheit und Frieden, volum 26 nummer 4 s. 191-196 (2008)

Wenger, Andreas; Mason, Simon J.A.: *The civilianization of armed conflict: trends and implications*, International Review of the Red Cross, volum 90 nummer 872 s. 835-852 (2008)

Ikkje-juridiske fagartiklar

Stronski, Paul: *Implausible deniability: Russia's private military companies*, nett-artikkel hjå Carnegie Endowment for International Peace, (20. juni 2020)

<https://carnegieendowment.org/2020/06/02/implausible-deniability-russia-s-private-military-companies-pub-81954> (Sist opna 07.06.2021)

McFate, Sean: *Mercenaries and War: Understanding Private Armies Today*, National Defense University Press (2019)

Dokument

ICRC: *Commentary on the Additional Protocols of 8 June 1977 to the Geneva Conventions of 12 August 1949*, Martinus Nijhoff Publishers (1987)

ICRC: *Commentary on the Third Geneva Conventions* (2020)

ICRC; Swiss Department of Foreign Affairs: *The Montreux Document: On pertinent international legal obligations and good practices for States related to operations of private military and security companies during armed conflict*, (2009)

FN sin høgkommissær for menneskerettar (OHCHR): *Mercenarism and private military and security companies: An overview of the work carried out by the Working Group on the use of mercenaries as a means of violating human rights and impeding the exercise of the right of peoples to self-determination* (2018)

FN sin høgkommissær for menneskerettar (OHCHR): *Report of the Working Group on the use of mercenaries as a means of violating human rights and impeding the exercise of the right of peoples to self-determination*, (2007), tilgjengeleg her: <https://documents-dds-ny.un.org/doc/UNDOC/GEN/N07/489/82/PDF/N0748982.pdf?OpenElement> (Sist opna 07.06.2021)

Melzer, Nils: *Interpretive guidance on the notion of Direct participation in hostilities*, ICRC (2009)

Det amerikanske forsvarsdepartement: *Department of Defense Instruction No. 3020.41 om "Contractor Personnel Authorized to Accompany the U.S. Armed Forces"* (3. oktober 2005)

Det amerikanske forsvarsdepartement: *Department of Defense Instruction No. 3020.41 om "Operational Contract Support (OCS)"* (31. august 2018)

The University Centre for International Humanitarian Law, Geneva: *Expert meeting on private military contractors: Status and state responsibility for their actions* (2005)

Sveits; The International Code of Conduct Association: *International Code of Conduct for Private Security Service Providers* (2010)

Nyheitsartiklar

Tsvetkova, Maria: *Russian toll in Syria battle was 300 killed and wounded: sources*, Reuters (15. februar 2018), <https://www.reuters.com/article/us-mideast-crisis-syria-russia-casualties-idUSKCN1FZ2DZ> (Sist opna 07.06.2021)

Tsvetkova, Maria: *Exclusive: Russian clinic treated mercenaries injured in secret wars*, Reuters (7. januar 2020), <https://www.reuters.com/article/us-russia-putin-mercenaries-exclusive-idUSKBN1Z61A7> (Sist opna 07.06.2021)

Nichols, Michelle: *Up to 1,200 deployed in Libya by Russian private military group: U.N. report*, Reuters (6. mai 2020), <https://www.reuters.com/article/us-libya-security-sanctions-idUSKBN22I2XW> (Sist opna 07.06.2021)

Nichols, Michelle: *Russia steps up support for private military contractor in Libya – U.N. report*, Reuters (2. september 2020), <https://www.reuters.com/article/uk-libya-security-un-idAFKBN25T383> (Sist opna 07.06.2021)

Apuzzo, Matt: *Blackwater Guards Found Guilty in 2007 Iraq Killings*, New York Times (22. oktober 2014), <https://www.nytimes.com/2014/10/23/us/blackwater-verdict.html> (Sist opna 07.06.2021)

Peter, Laurence: *Syria war: Who are Russia's shadowy Wagner mercenaries?*, BBC (23. februar 2018) <https://www.bbc.com/news/world-europe-43167697> (Sist opna 07.06.2021)

BBC: *Wagner, shadowy Russian military group, 'fighting in Libya'*, BBC (7. mai 2020) <https://www.bbc.com/news/world-africa-52571777> (Sist opna 07.06.2021)

Mackinnon, Amy: *Russia's Shadowy Mercenaries Offer Humanitarian Aid to Clean Image*, Foreign Policy (22. juli 2020) <https://foreignpolicy.com/2020/07/22/wagner-group-russia-syria-libya-mercenaries/> (Sist opna 07.06.2021)

Nettstader/Oppslagsverk

ICRC Casebook. M. Sassòli; A. Bouvier; A. Quintin, J. Grignon: *How does Law protect in War?* ICRC, Geneva (2014), <https://casebook.icrc.org/law>

ICRC Customary IHL Database, <https://ihl-databases.icrc.org/customary-ihl/eng/docs/home>

Bell, Duncan: "Private military company" i Encyclopædia Britannica (2016), <https://www.britannica.com/topic/private-military-firm> (Sist opna 07.06.2021)

Gram, Thomas: "Kombattant" i Store Norske Leksikon (2018), <https://snl.no/kombattant> (Sist opna 07.06.2021)